

MASFJORDEN KOMMUNE

Vedtaksprotokoll for Kommunestyret

Den 24.02.2011 kl 11:00 – 17.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 001/11 - 014/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 17.02.2011.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Kjell Løvik, vara	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Gunn H. Asheim, vara	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Frode Langhelle	

Wenke Fredheim Ekren

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Erlend Kvamsdal	Leila Torsvik Andvik
Lillian Andvik, vara	Janne Judith K. Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Siri Tangedal Kratzmeier	Willy Borge	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Til sak 11/11: To uttalar som kom inn etter at sakspapira var utsendt Til sak 05/11: Skriv frå FAU Nordbygda og Sandnes og stillingsomtale for barnehagestyrar. Til sak 12/11 Skriv og meldingar: Utdrag frå rekneskapen 2010 og Status bustadfelt Einestrand .
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	Nokre av kommunestyremedlemmene var på synfaring på dei nye utleigebustadane i Sandneslia etter at møtet var slutt

Ordførar Håkon Matre ynskte velkommen til det fyrste kommunestyremøtet i valåret 2011.

Ordførar orienterte om kjøreplanen for dagen.

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Dina Dyrhovden og Erlend Kvamsdal til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes godkjent.

Til saklista:

Ordførar Håkon Matre sa at det var ynskje om å handsama sak 07/11 Medlemskap i MOT som første sak etter lunch sidan Unn Ilseng frå organisasjonanMOT kjem for å gje ei orientering til denne saka.

Ordførar orienterte elles om munnelge orienteringar som vil koma under sak 12/11 Skriv og meldingar.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
001/11	11/121	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
002/11	11/80	Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet for året 2011	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
003/11	10/27	Årsmelding 2010 for kontrollutvalet i Masfjorden - orienteringssak	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
004/11	10/858	Barnehageplan for 2010 til 2013	7
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
005/11	08/490	Framtidig styrarmodell i barnehagane	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
006/11	10/407	Forvaltningsrevisjon skule - ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland 2010	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
007/11	10/308	Medlemsskap i lokalsamfunn med MOT	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
008/11	11/98	Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden 2011 - 2012	14
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
009/11	10/15	Finansiering av rekkehus Sandnes - gbnr 30/50/1,2	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
010/11	11/64	Brannordning Masfjorden - etablering av felles brannordning Masfjorden og Gulen	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
011/11	09/213	BKK Nett AS - 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen - ny handsaming	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
012/11	11/120	Skriv og meldingar	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
013/11	11/119	Delegerte vedtak	33
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
014/11	11/66	Organisering av landbrukstenestene i Masfjorden	31

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	001/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/121
-----------	---------------------

SAK 01/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 09.12.2010 den dato vert godkjent slik han ligg føre.

KS-001/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 09.12.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	04.02.2011	005/11	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	15.02.2011	003/11	Jane Britt Daae
Kommunestyret	24.02.2011	002/11	Jane Britt Daae

Arkiv: N-001, N-044	Arkivsaknr.: 11/80
---------------------	--------------------

SAK 02/11 - ÅRSRAPPORT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET FOR ÅRET 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

AMU vedtar Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet for året 2011

Finansiering

Heimel

Arbeidsmiljølova § 7-2 sjette ledd

ADM-003/11 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tek Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet for året 2010 til orientering.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 15.02.2011:

Ørjan Valestrand fekk permisjon frå møtet før handsaming av denne saka.

Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet vart samrøystes tek til orientering.

KS-002/11 VEDTAK:

Kommunestyret tek Årsrapport for Arbeidsmiljøutvalet for året 2010 til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

Sakstilfang:

SAKSUTGREIING:



ÅRSRAPPORT 2010 ARBEIDSMILJØUTVALET MASFJORDEN KOMMUNE

FORORD AV LEIAR

2010 har vore eit aktivt år for Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det er handsama mange viktige saker for arbeidsmiljøet i kommunen.

Spesielt for 2010 er det å framheva at kommunen som arbeidsplass har fått eit nytt system og årshjul for Helse, miljø og tryggleik (HMT). AMU evaluerar dette verktøyet parallelt med at årshjulet går sin gang. Nytt HMT-system var ein viktig del av 5 dagars HMT-kurs for leiarane og verneomboda. Alle hovudtillitsvalte var også invitert med.

”Krafttiltak for tilsette” vart eit nytt tiltak i 2010 for å auka sosial og fysisk aktivitet blant alle medarbeidarane i kommunen. Tiltaket oppmodet om deltaking i Sleirsfjellet opp og Bjørn West-marsjen. Det heile vart avslutta med ei større markering i Nordbygda samfunnshus den 17.november. Linda Eide heldt foredrag om ”VM i stillesitjing”. Krafttiltaket for tilsette vil halde fram også i 2011.

FAKTA OMKRING ARBEIDET I UTVALET I 2010

Arbeidsmiljøutvalet er eit partsamansett utval med like mange representantar frå arbeidstakersida som frå arbeidsgjeversida. I året 2010 har utvalet i kommunen vore:

Leiar i utvalet: Hildegunn Bjånes, HTV Sjukepleiarforbundet
Fast medlem: Maud Sleire Holmaas, HTV Fagforbundet
Fast medlem: Rune Garmann, hovudverneombod
Fast medlem: Håkon Matre, ordførar
Fast medlem: Lovisa Midtbø, rådmann
Fast medlem: Ørnulf Lillestøl, kommunalsjef

Skrivar: Jane Britt Daae, personalrådgjevar

Det er halde 7 møter og 30 saker er handsama. Hovudsakene har vore:

- Oppfølging av vernerundar
- Krafttiltak for tilsette
- Barnehageprosjektet
- Nytt Helse, miljø og tryggleik - system
- Kartlegging uønska deltid
- Røyking og snusing på arbeidsplassane
- Kompetansekartlegginga i 2009
- Årsbudsjett 2010 og økonomiplan 2014

Haugsvær, 04.02.11

Hildegunn Bjånes
leiar

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	003/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-022.2, N-001	Arkivsaknr.: 10/27
-----------------------	--------------------

SAK 03/11 - ÅRSMELDING 2010 FOR KONTROLLUTVALET I MASFJORDEN - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding 2010 for Kontrollutvalet til vitring slik den ligg føre.

KS-003/11 VEDTAK:

Kommunestyret tek årsmelding 2010 for Kontrollutvalet til vitring slik den ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Kjell Løvik, leiar i kontrollutvalet, synte til årsmeldinga frå kontrollutvalet der det står at kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har ein internkontroll som sikrar god og effektiv sakshandsaming og at administrasjonen må bestreba seg på å fylgja lovverket.

Liv Oda Dale, Ap, sa at me må sikra oss at søknader og saker vert behandla slik at søkjarane /tiltakshavarane kan klaga på enkeltvedtak.

Årsmelding til kontrollutvalet vart samrøystes teke til vitring.

Sakstilfang:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
8	I	31.01.2011	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Kontrollutvalet - Møteutskrift frå møte 31.01.11
7	I	31.01.2011	Kontrollutvalet v/ Kjell Løvik	Årsmelding 2010 for kontrollutvalet for Masfjorden kommune

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kontrollutvalet handsama årsmelding 2010 for kontrollutvalet i møte den 31.01.2011. Kontrollutvalet slutta seg til framlegget til årsmelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet ber om at årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret som ei orienteringssak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	09.12.2010	091/10	Alf Strand
Kommunestyret	24.02.2011	004/11	Alf Strand

Arkiv: N-211, N-101.5	Arkivsaknr.: 10/858
-----------------------	---------------------

SAK 04/11 - BARNEHAGEPLAN FOR 2010 TIL 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til barnehageplan for perioden 2010- 2013 vert vedteke med dei endringsframlegga som rådmannen har lagt til etter høyringsrunden.

Finansiering

Heimel

KS-091/10 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det skjedde i Kommunestyret den 09.12.2010:

Terje Sætre fekk no permisjon frå møtet, og deltok ikkje på handsaming av denne saka.

Liv Oda Dale etterlyste barnehageplanen og sa at den låg ikkje ved sakspapira.

Dale gjorde framlegg om at saka vart utsett til neste møte.

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vigdis Søvik ba no om permisjon frå resten av møtet, det vil sei sak 92/10 Høyring opplæringslova og sak 97/10 Kommunestrukturprosjektet.

Ordførar Håkon Matre innvilga permisjonen

KS-004/11 VEDTAK:

Framlegget til barnehageplan for perioden 2010- 2013 vert vedteke med dei endringsframlegga som rådmannen har lagt til etter høyringsrunden.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Saka vart drøfta.

Karstein Totland, H, gjorde framlegg om ei tilføyning s. 14 om at barnehagane kan bruka gymsalane på skulane.

Bjørn Egil Nordland spurde om det er så enkelt at det berre er å leggja til eit kulepunkt.

Dina Dyrhovden sa at i kvart oppvekst område er det eit godt samarbeid mellom rektorane og styrarane. Ho trur ikkje det er nødvendig med eit slikt tilleggspunkt.

Totland trekte etter dette framlegget til ekstra kulepunkt.

Røysting:

Barnehageplanen vart samrøystes vedteken slik den ligg føre.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	26.11.2010	Indre Masfjorden barnehage	Høyringsuttale barnehageplan 2010-2013 i møte i samarbeidsutvalet 24.11.10 i Indre Masfjorden barnehage
4	I	01.12.2010	styrar Anita Solheim	Høyringsuttale til barnehageplan frå Samarbeidsutvalet og personalet i Nordbygda og Sandnes barnehage og
5	I	01.12.2010	rektor Berit Lygre	10 BL Uttale barnehageplan
6	I	02.12.2010	Utdanningsforbundet Masfjorden	Uttale til høyring barnehageplan 2010 - 2013
7	U	20.12.2010	Fleire mottakarar	Barnehageplan for 2010 til 2013 - melding om vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Rådmannen har laga eit utkast til barnehageplan for perioden 2010 -2013. Planen byggjer på det arbeidet ein har gjort dei siste åra med å få til eit godt samarbeid mellom barnehagane og prøva å gje eit mest mogleg likeverdig tilbod til alle barnehageborn i Masfjorden kommune. Det utsende høyringsutkastet byggjer og på framlegget til barnehageplan som det pedagogiske personalet i barnehagane har arbeidd fram på fellesmøte i haust.

Rådmannen har i sitt utkast til plan lagt vekt på at barnehagen er ein del av utdanningsløpet. Frå sentralt hald er det lagt stor vekt på overgangen frå barnehage til skule med tanke på å sikra alle born ein god skulestart. Her hjå oss har me gjennom prosjektet ”Tidleg tiltak – varig verknad” fått til eit godt samarbeid mellom skule og barnehage. Me har hatt felles kursing for personale i barnehage og småskule, og me har lagt opp til at personalet både i barnehagen og småskulen skal vera godt informert om korleis det blir arbeidd på kvar plass. Dette er tiltak me må byggja vidare på.

Rådmannen har vidare vore oppteken av at dette skal vera ein plan for korleis borna skal ha det i barnehagane i Masfjorden, korleis me kan gje dei eit best mogleg tilbod. Difor har planen innanfor alle satsingsområde mål som fortel om kva barnehagen skal gje borna. Planen må leggja opp til at barnehagen skal gje det einskilde barn ei god utvikling. I metodane me skal bruka for å nå måla, er det m.a lagt vekt på både skulering av dei tilsette, eit godt utvikla samarbeid barnehagane imellom og samarbeid mellom barnehage og heim.

HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til barnehageplan for perioden 2010-2013 vart send ut på høyring10.11 med høyringsfrist 30.11. 2010. Det har kome inn innspel til høyringsutkastet.

UTTALE

Det har kome inn følgjande innspel til høyringsutkastet:

Samarbeidsutvalet i Indre Masfjorden barnehage:

Ønskjer å endra eit punkt under satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle:

Me har ein styrar i kvar barnehage som samarbeider

Under Samarbeid med skulen vil dei ha ført på som metode: **Overgangssamtalar i mai/juni**

Rektor Berit Lygre:

Ønskjer eit ekstra punkt under Uteliv:

- **Dei eldste barna i barnehagen har samarbeid med dei yngste elevane på skulen på dette området**

Framlegg til ny målformulering under satsingsfeltet Samarbeid med skulen:

Sikra ein god overgang til skulen og best mogleg kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet til borna.

Framlegg til tillegg til kulepunkt 2 under same satsingsfeltet:

Kvart oppvekstområde lagar ein eigen årsplan for samarbeidet kvart år. **Denne årsplanen skal omfatta arbeid med sosial, motorisk og fagleg utvikling.**

Samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage har ingen særlege merknader til planen.

Samarbeidsutvalet i Sandnes barnehage:

Ønskjer å endra siste del av hovudmålet slik:

Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette skal barnehagen sikra at alle born også er best mogleg rusta til å begynna på skulen ved oppnådd skulealder.

Nytt kulepunkt under satsingsområdet Uteliv:

- **utnytta menneskelege ressursar i foreldregruppa og nærmiljøet for å gje borna gode opplevingar knytt til satsingsområdet.**

Personalet i Nordbygda og Sandnes barnehagar:

Meiner at det er for lange setningar i **hovudmålet**. Vil endra ordet **kartlegging** til **observasjon**. Det må stå noko i planen korleis me kartlegg/observerer i barnehagen.

Barnehagen har verdi i seg sjølv, ikkje berre som førebuing til skulen.

Satsingsområdet God læring og utvikling hjå alle barn

Må få inn eit punkt om observasjon/kartlegging av barn

Framtidig samarbeid med Kjell Stien må konkretiserast

Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle

Nytt punkt: Ein styrar i kvar barnehage som samarbeider

Satsingsområdet Samarbeid med skulen

Samarbeid om kriterier for kartlegging av skrivedans

Overgangssamtalar, fadderordning, hospitering av 1. klasselærer, førskuledagar

Utdanningsforbundet Masfjorden:

Er spørjande til at det er lagt vekt på kartlegging i hovudmålet

Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle:

Me har ein styrar i kvar barnehage

Nytt kulepunkt: **Me jobbar mot å styrka den pedagogiske bemanninga i kvar avdeling**

VURDERING

Rådmannen har sett på og vurdert dei ulike innspela som har kome og har funne mange gode framlegg som bør inn i planen i staden for eller i tillegg til punkt som står i høyringsutkastet. Barnehageplanen er ein overordna plan som skal visa retninga for det arbeidet som skjer i barnehagane. Ein del av merknadene som er komne inn, er så pass detaljerte at dei må takast inn i den einskilde barnehage sine planar heller enn i ein kommunal plan. Rådmannen tek ikkje no stilling til kor mange barnehagestyrarar me skal ha. Dette spørsmålet vil verta teke opp i si fulle breidde tidleg i 2011.

Framlegg til endringar er tekne inn i den rekkefølgja dei har i planen:

a) Hovudmål: Endringsframlegget frå samarbeidsutvalet i Sandnes barnehage vert teke inn i planen i staden for den siste setninga i rådmannen sitt utkast. Då har ein og fått bakt inn dei same synspunkta frå personalet i Sandnes og Nordbygda barnehagar og Utdanningsforbundet. Det nye hovudmålet vil då lyda slik:

Hovudmål: Barnehagane i Masfjorden er pedagogiske verksemder der borna gjennom leik, opplevingar og samspel med andre skal få utfordringar som passar for den einskilde fysiske, motoriske og mentalt, få oppleva meistring i samsvar med alder og utvikling og få hjelp til å bli trygge på seg sjøve og omgivnadene. Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette skal barnehagen sikra at alle born også er best mogleg rusta til å begynna på skulen ved oppnådd skulealder.

b) Satsingsområdet God læring og utvikling hjå alle barn

Nytt kulepunkt i tillegg: **Systematisk observasjon av borna i ulike situasjonar**

c) Satsingsområdet Uteliv

Nytt kulepunkt: **Dei eldste borna i barnehagen har samarbeid med dei yngste elevane på skulen på dette området.**

Nytt kulepunkt: **Utnytta menneskelege ressursar i foreldregruppa og nærmiljøet for å gje borna gode opplevingar knytt til satsingsområdet.**

d) Satsingsområdet Ein barnehage med plass for alle

Rådmannen kan tenkja seg å endra overskrifta til: **Ein barnehage med plass for alle og rom for kvar einskild.** Ein får då teke meir høgde for at det er eigne individ, små personlegdomar, me har med å gjera i barnehagen.

e) Satsingsområdet Samarbeid med skulen

Ny målformulering: **Sikra ein god overgang til skulen og best mogleg kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet til borna.**

Tillegg til kulepunkt 2: **Denne årsplanen skal omfatta arbeid med sosial, motorisk og fagleg utvikling.**

Tillegg til kulepunkt 4:

Desse opplegga omfattar overgangssamtalar, fadderordning, hospitering av 1. klasselærer, førskuledagar

KONKLUSJON

Framlegget til kommunal barnehageplan for perioden 2010- 2013 vert vedteke med dei endringsframlegga som er nemnt under vurdering i saksutgreiinga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	15.02.2011	014/11	Alf Strand
Administrasjonsutvalet	15.02.2011	002/11	Alf Strand
Kommunestyret	24.02.2011	005/11	Alf Strand

Arkiv: N-211, N-031	Arkivsaknr.: 08/490
---------------------	---------------------

SAK 05/11 - FRAMTIDIG STYRARMODELL I BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå og med barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:

1 felles styrar for Nordbygda barnehage og Sandnes barnehage. 100 % administrasjon. Styrar har 40 % stilling i Sandnes og 60 % i Nordbygda barnehage.

1 styrar i Indre Masfjorden barnehage. 55% administrasjon, resten som førskulelærer i avdeling

1 kontormedarbeidar i 40% stilling, felles for alle 3 barnehagane

1 pedagogisk leiar i kvar avdeling i kvar barnehage. Den eine pedagogiske leiaren i kvar barnehage har oppgåva som stedfortredar for styrar når styrar ikkje er til stades.

Ordninga med ein assisterande styrar i Nordbygda barnehage fell bort
Styrarmodellen vert vurdert på nytt før barnehageåret 2013-2014.

ADM-002/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Frå og med barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:

1 styrar i kvar barnehage i Masfjorden.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 15.02.2011:

Rådgjevar Alf Strand orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

HTV Ørjan Valestrand frå Utdanningsforbundet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Frå og med barnehageåret 2011-12 vert barnehagane organisert slik:

1 styrar i Nordbygda barnehage i 100 % administrasjon

1 styrar i Indre Masfjorden barnehage i 60 % administrasjon, resten som styrar i avdeling.

Dette vil gje følgjande pedagogiske ressursar:

Barnehage	Styrar	Ped.leiar	Førskulelærer	Totalt	Minstekrav
Nordbygda	1,0	3	1	5	4,1
Indre Masfj.	0,6	2	1	3,6	2,55
Sandnes	0,50	2	1	3,5	2,5

Den eine pedagogiske leiaren i kvar barnehage har oppgåve som stedfortredar når styrar ikkje er tilstades. Her må det utformast ein stillingsinstruks.

Krf og Sp sette fram slikt fellesframlegg:

Frå og med barnehageåret 2011-2012 vert barnehagane organisert slik:

1 styrar i kvar barnehage i Masfjorden.

Ørjan Valestrand trekte etter dette sitt framlegg.

Røysting:

Framlegget frå Krf og Sp vart vedteke med 4 røyster (Krf, Sp og begge hovudtillitsvalde), mot 3 røyster. (H og Ap)

KS-005/11 VEDTAK:

Frå og med barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:

1 styrar i kvar barnehage i Masfjorden.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Stillingsomtale for barnehagestyrar vart delt ut i møtet.

Det vart og stilt spørsmål om skriv frå FAU Nordbygda og Sandnes. Dette skrivet hadde blitt berre til politikarane og ikkje til administrasjonen. Brevet vart no kopiert og delt ut til alle.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at sidan det hadde vore spørsmål etter stillingsomtale/instruks for barnehagestyrar, fann ein det rett å dele den ut til alle i kommunestyret.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø sa at KrF opprettheld fellesframlegget frå KrF og Sp som vart vedteke i administrasjonsutvalet og som lyder slik:

***Frå og med barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:
1 styrar i kvar barnehage i Masfjorden.***

Karstein Totland, H, sa at han støttar framlegg frå KrF og Senterpartiet.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at dette er i krevande sak, mange interesser.

Me vil at foreldra som betalar skal oppleve eit godt tilbod til borna.

Det har vore felles styrar i to av barnehagane dei siste åra og dei har jobba tett og det har gått bra, men har respekt for dei som ynskjer ein styrar i kvar barnehage.

Me må bevisstgjera foreldra kven dei skal ta kontakt med i barnehagen. Er det rett at ei styrar skal vera på plass heile tida?

Dyrhovden ba om gruppemøte før avrøysting.

Erlend Kvamsdal, Frp, synte til barnehagelova som seier at ein skal ha ein styrar i kvar barnehage og at han ville koma med eit eige framlegg.

Kvamsdal ynskje og at det vart gruppemøte.

Vigdis Søvik sa at Sp held fast på fellesframlegget som Sp og KrF la fram i administrasjonsutvalet.

Per Einar Langhelle, V, stilte spørsmål om på kva grunnlag dei gode røynsle med å ha delt styrar. Når dei tilsette og foreldra ynskjer **ein** styrar talar det for seg sjølv.

Rådgjevar Alf Strand svara og sa at ein har hatt gode røynsler med felles styrar i Nordbygda og Sandnes barnehage. Det har vore stabilitet som er viktig.

Det er sjølvstøtt utfordringar med å vera styrar på to plassar. Me har og hatt ein ass. styrar i Nordbygda barnehage som har gjort at me har fått den barnehagen til å fungera. Det har og vore tilsett kontormedarbeidar felles for alle barnehagane. Dersom ein skal ha ein styrar i kvar barnehage, vil ein kanskje ikkje ha økonomisk moglegheit til å ha ein merkantil tilsett person.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det har vore målt i brukarundersøkingar kva foreldra synest om den organiseringa ein har hatt dei siste åra. Resultatet av undersøkinga synte at foreldra var meir tilfreds enn før.

Det er viktig å få stabilitet både for borna og for personalgruppa.

Møtet vart heva og det vart halde gruppemøte.

Karstein Totland, H, sa at Høgre er delt i denne saka.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at Ap og er delt i denne saka.

Ordførar Håkon Matre ba om ordet og Marit Steinestø overtok klubba.

Røysting:

Formannskapet si tilråding og fellesframlegget frå KrF og Sp vart røysta mot kvarandre.

**Fellesframlegget frå KrF og Sp vart vedteke med 12 røyster mot 5 røyster
(To frå Ap, ein frå Venstre og to frå Høgre)**

FS-014/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Frå og med barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:

1 felles styrar for Nordbygda barnehage og Sandnes barnehage. 100 % administrasjon. Styrar har 40 % stilling i Sandnes og 60 % i Nordbygda barnehage.

1 styrar i Indre Masfjorden barnehage. 55% administrasjon, resten som førskulelærer i avdeling.

1 kontormedarbeidar i 40% stilling, felles for alle 3 barnehagane.

1 pedagogisk leiar i kvar avdeling i kvar barnehage. Den eine pedagogiske leiaren i kvar barnehage har oppgåva som stedfortredar for styrar når styrar ikkje er til stades.

Ordninga med ein assisterande styrar i Nordbygda barnehage fell bort.

Styrarmodellen vert vurdert på nytt før barnehageåret 2013-2014.

Det skjedde i Formannskapet den 15.02.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka som var handsama i administrasjonsutvalet tidlegare på dagen.

Røysting:

**Rådmannen sitt framlegg og framlegget frå Sp og KrF vart røysta mot einannan.
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster: (KrF og Sp)**

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.06.2008	Anita B Solheim og Inger Marie Duesund	Krav frå styrarane i samband med omorganisering av barnehagane i Masfjorden
2	U	15.07.2008		Brev til styrarane
5	I	14.11.2008	Fagforbundet og Utdanningsforbundet i Masfjorden	Bemanningssituasjonenn i Nordbygda og Sandnes barnehage
10	X	16.02.2009	Prosjektgruppa	Referat frå prosjektmøte 11.02.09
15	I	15.04.2010	Utdanningsforbundet i Masfjorden v/Ørjan Valestra	Evaluering av barnehageprosjektet 2008 - 2010
16	I	04.05.2010	Fagforbundet v/Maud Sleire Holmaas	Uttale i høve barnehageprosjektet
13	U	04.05.2010	Fagforbundet og Utdanningsforbundet i Masfjorden; Hovudvernombod i Masfjorden; Styrarane i barnehagane; Alf Strand; Lovisa Midtbø	Evalueringsmøte 24.06.09
17	U	06.07.2010	Barnehagane i Masfjorden	Melding om politisk vedtak - Barnehageprosjektet 2008 - 2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I kommunestyrevedtak i sak 55/10 lyder siste setninga slik: ”Styrarmodell vert vidareført for barnehageåret 2010/2011”. Styrarmodellen det her er snakk om, er den som blei innført hausten 2008 då det vart tilsett felles styrar for Nordbygda og Sandnes barnehage samstundes med at styrar i Indre Masfjorden barnehage også vart tilsett som assisterande styrar ved Nordbygda barnehage med 50% stilling på kvar stad. Frå då av har me hatt to styrarar i dei tre barnehagane våre. Dei to styrarane har berre hatt leing og administrativt arbeid og har ikkje arbeidd i avdeling. Samstundes fekk ein frå same tidspunkt ein 50% kontormedarbeidar i barnehagane for å frigjera styrarane frå det meste av dei merkantile arbeidsoppgåvene. Denne stillinga er seinare redusert til 40%.

Sjølve barnehageprosjektet vart avslutta med vedtaket i sak 55/10 den 17. juni 2010, men ein var ikkje då klar til å ta ei avgjerd om korleis styrarkabalen skulle vera. Det må gjerast no slik at dette er avklart i god tid før neste barnehageår startar.

HØYRING

Sjølve barnehageprosjektet var ute på høyring før kommunestyrehandsaminga i juni, og det kom då òg innspel på styrarordninga.

Både Utdanningsforbundet og Fagforbundet gjev på vegne av medlemmene sine uttrykk for at dei ønskjer å ha ein styrar i kvar barnehage. Også i samband med høyring på Barnehageplanen har ynskjert om ein styrar i kvar barnehage vorte fremja av dei tilsette. Det har vore fleire samtalar med styrarane og med dei som samarbeider tettast med barnehagane; rektorane, helsesøster og barnevern. Alle desse gjev uttrykk for at samarbeidet med barnehagane har vore like godt dei to siste åra som tidlegare. Dei har ingen sterke meiningar om kor mange styrarar me skal ha.

FAKTA/VURDERING

Når rådmannen har vurdert denne saka, er det følgjande alternativ til styrarmodell som har vore aktuelle:

- 1) Ein styrar i kvar barnehage, med eller utan kontorhjelp
- 2) Halda fram som no med to styrarar, ein assisterande styrar og kontorhjelp i 40% stilling
- 3) Justering av dagens ordning
- 4) Slå dei tre barnehagane saman til ein, med felles styrar og ein dagleg leiar i kvar barnehage
- 5) Felles leiing for barnehage og skule i kvart oppvekstområde

Kva seier lova?

Barnehagelova § 17 lyder: "Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Barnehagen skal ha en daglig leder..."

Departementet sine merknader til denne paragrafen slår fast at det skal vera ein styrar i kvar barnehage. Men kva betyr så "kvar barnehage"? Kan ein slå saman barnehagar som ligg på ulike stader til ein barnehage med felles styrar? Departementet skriv i Ot.prp nr. 72 (2004-2005) at begrepet "kvar barnehage" må forståast som "en lokal enhet som driver virksomhet for barn under opplæringspliktig alder."

I Ot.prp. nr 68 (1993-94) *Om lov om barnehager* s. 28 står følgjande om styrar sine oppgåver: «Styrer representerer barnehagens eier. Styreren har ansvar for å lede den samlede personalgruppen. Hun/han skal sørge for at det samlede pedagogteamet arbeider på en måte som gir alle barnehagens barn de beste utviklingsmuligheter. Styreren skal sørge for at samarbeidet med barnehagens øvrige personale og andre institusjoner og instanser fungerer bra. Styreren har også ansvar for at rammeplanen og dens intensjoner nedfeller seg både i årsplanen og i barnehagens hverdag... ..

Styreren må i tillegg være tilgjengelig for foreldre. Alle ansatte må ha en fast personalleder å forholde seg til. Det som er sagt om styrerens oppgaver tilsier at han/hun daglig bør være mest mulig til stede i barnehagen. Tidligere forarbeider til loven, reelle hensyn og høringsinstansenes syn peker til sammen helt entydig i retning av at hver lokale enhet må ha en styrer."

Utgangspunktet er altså at kvar lokale eining må ha ein styrar og at styrar dagleg bør vere mest mogeleg til stades i barnehagen.

Ut frå denne tolkinga har me tre barnehagar i Masfjorden, og kvar av dei skal ha eigen styrar.

Unntak

I departementets merknader til §17i barnehagelova står det fylgjande om unntak frå reglane ovanfor:

”Det kan imidlertid tenkes unntakstilfeller der det kan være behov for at flere barnehager samler sine styrerressurser, for eksempel i et lederteam. Departementet forutsetter at slik samordning ikke fører til svekkelse av styrerressursen for den enkelte barnehage. Det forutsettes videre at det er en hensiktsmessig avstand mellom barnehagene, at styrerteamet har daglig kontakt og at det skjer en daglig oppfølging av hver enkelt barnehage og at den forskriftsmessige normen for pedagogisk bemanning overholdes. Kommunen må ved godkjenning og tilsyn foreta en totalvurdering av hvorvidt de barnehager som velger å samordne sine styrerressurser, oppfyller kravene som stilles til barnehagedrift i loven.”

Vidare står det:

”Rent unntaksvis kan flere små barnehager organiseres sammen som en felles virksomhet med en styrer, for eksempel der det er vanskelig å få kvalifisert personale. Også her må kommunen ved godkjenning og tilsyn vurdere om den samlede virksomheten oppfyller barnehagelovens krav. Ved vurdering må det legges vekt på virksomhetens størrelse etter en sammenslåing, barnehagens geografiske plassering i forhold til hverandre og tilgangen på kvalifisert personale.”

Føresetnadene for at unntaka over skal kunne brukast er altså at:

1. samordninga ikkje fører til at styrarressursen i den einskilde barnehage vert svekka
2. det er ein hensiktsmessig avstand mellom barnehagane
3. det er dagleg oppfølging i kvar barnehage
4. den heimla norma for pedagogisk bemanning skal halde fram
5. storleiken på verksemda etter omorganiseringa og tilgangen på kvalifisert personale tilseier samordning

Ut frå dette kan ein konkludera med at å ha ein ”Masfjorden barnehage” med avdelingar på Matre, Hosteland og Sandnes, truleg ikkje vil vera innanfor lova, fyrst og fremst fordi det ikkje vil vera ein ”hensiktsmessig avstand” mellom avdelingane. Altfor mykje tid vil gå med til reising mellom avdelingane.

Spørsmålet er då om det ligg til rette for at unntaka skal kunne brukast dersom Masfjorden kommune ynskjer ein annan modell enn ”kvar barnehage sin styrar”.

1 Samordninga skal ikkje føra til at styrarressursen i den einskilde barnehagen vert svekka

Barnetalet er avgjerande for kor stor styrarressurs ein barnehage skal ha. Særavtale SFS 2201 regulerer kor stor stillingsprosent ein styrar skal ha til administrasjon og leiing. Ein barnehage med plass til 42 born eller meir skal ha 1 heil stilling til leiaroppgåver. Så reduserer ein styrarressursen i pakt med barnetalet.

Etter den norma skal barnehagane våre ha følgjande stillingsstorleik til styrar:

Nordbygda	ca 90 % (36 born)
Sandnes	ca 50 % (20 born)
Indre Masfjorden	ca 55% (25 born)

Den pedagogiske bemanninga utanom styrarressursen er fastsett slik i Forskrift om pedagogisk bemanning (2005):

Minimum 1 pedagogisk leiar pr. 14-18 born når borna er over 3 år og er i barnehagen minst 6 timar pr. dag.

Minimum 1 pedagogisk leiar pr. 7-9 born når borna er under 3 år og er i barnehagen minst 6 timar pr. dag.

Departementet har seinare slått fast at ein barnehage som har 19 born over 3 år utløyser eit krav om to pedagogiske leiarar i full stilling. Det same gjeld ein barnehage som har 10 born under 3 år.

Kontormedarbeidar i 40 % stilling er som eit reknestykke fordelt slik: Nordbygda 20, Indre Masfjorden 10 og Sandnes 10 %.

Masfjorden kommune har dei siste åra prioritert å auka pedagogressursane i barnehagane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vil gje følgjande fordeling av leiar- og pedagogressursar:

Barnehage	Styrar	Ped.leiar	Førskulelærer	Totalt	Minstekrav
Nordbygda	0,8	3	1	4,8	3,9
Indre Masfjorden	0,65	2	1,25	3,9	2,55
Sandnes	0,5	2	1	3,5	2,5

Den pedagogiske ressursen er difor godt over minstekravet sjølv om Nordbygda og Sandnes deler styrar.

Styrrarressursen vil ikkje verta svekka.

Det er ein hensiktsmessig avstand mellom barnehagane

Avstanden mellom dei to barnehagane som i dag har felles styrar er ikkje større enn at me med lovens formulering kan kalla han "hensiktsmessig". Det tek om lag 20 min frå den eine barnehagen til den andre. Det vil seia at styraren om nødvendig kan vera innom begge barnehagane kvar dag.

Den heimla norma for pedagogisk bemanning skal halda fram

Dersom me skal ha felles styrar for dei to barnehagane, må ikkje den samla pedagogressursen vera mindre enn om barnehagane hadde kvar sin styrar.

I kvar av dei to barnehagane som får felles styrar, er det pedagogiske leiarressursar som ligg over minstenorma. Det er i kvar av barnehagane ein pedagogisk leiar som er ansvarleg når styrar er borte. Dessutan vil kontormedarbeidaren framleis ta unna dei fleste av dei merkantile arbeidsoppgåvene.

Storleiken på verksemda

Nordbygda og Sandnes barnehage vil frå august 2011 ha i overkant av 60 born og vil etter norma ha styrar med 100 % stilling til administrasjon og leing.

Rekruttering

Etter rådmannen sitt syn har me gode røynsler med å ha felles styrar i Sandnes og Nordbygda barnehage dei to siste åra.

Masfjorden kommune har så langt ikkje hatt vanskar med å skaffa barnehagefagleg kompetanse. Derimot var det dei siste åra før barnehageprosjektet vanskeleg å rekruttera styrarar i to av barnehagane våre. I Nordbygda barnehage hadde me 4 styrarar i løpet av fire år. Dersom me skal ha ein styrar i kvar barnehage, vil styraren måtta arbeida resten av stillinga i avdeling som førskulelærer eller pedleiar. Rolla som leiar kan lett komma i konflikt med rolla som medarbeidar i avdeling og med rolla som pedagogisk leiar når ein tenkjer på omsynet til stabilitet for borna.

Gjennom barnehageprosjektet har me hatt fokus på å styrka kvaliteten for borna gjennom kompetansekrav for dei tilsette, fleire fagarbeidarar og styrka pedagogressurs. Tydeleg leiing og oppfølging av personalet har vore vektlagt.

Kommunen sin barnehagefaglege kompetanse har vore vesentleg styrka gjennom prosjektet. Me har hatt to leiarar, kvar av dei i heil leiarstilling, me har fått kontorfagleg kompetanse inn for å gje styrarane meir tid til leiing, og me har brukt ressursar på å utvikla gode pedagogiske leiarar. Pedagogisk leiar er dagleg leiar av arbeidet i avdeling anten styrar er til stades i barnehagen eller ikkje.

KONKLUSJON

Frå barnehageåret 2011 – 12 vert barnehagane organisert slik:

1 felles styrar for Nordbygda barnehage og Sandnes barnehage. 100 % administrasjon. Styrar har 40 % i Sandnes og 60 % i Nordbygda barnehage.

1 styrar i Indre Masfjorden barnehage. 55% administrasjon, resten som førskulelærer i avdeling

1 kontormedarbeidar i 40% stilling, felles for alle 3 barnehagane

1 pedagogisk leiar i kvar avdeling i kvar barnehage. Den eine pedagogiske leiaren i kvar barnehage har oppgåva som stedfortredar for styrar når styrar ikkje er til stades.

Ordninga med ein assisterande styrar i Nordbygda barnehage fell bort.

Styrarmodellen vert vurdert på nytt før barnehageåret 2013-2014.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	006/11	Alf Strand

Arkiv: N-103, N-21	Arkivsaknr.: 10/407
--------------------	---------------------

SAK 06/11 - FORVALTNINGSREVISJON SKULE - RESSURSBRUK I GRUNNSKULEN I NORDHORDLAND 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjon skule – ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland til vitring.

KS-006/11 VEDTAK:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjon skule – ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland til vitring.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Dina Dyrhovden spurde om ho var ugild sidan ho er rektor.
Kommunestyret vedtok samrøystes at Dyrhovden var gild.

Kjell Løvik, leiar i kontrollutvalet, orienterte om arbeidet med forvaltningsrapporten.
Ha sa at dette er eit nyttig verktøy å ha med seg og ein vil då vera tryggare i arbeidet vidare både med økonomi/ressursbruk osv.

Røysting:

Kommunestyret tek samrøystes rapporten om Forvaltningsrevisjon skule til vitring.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.05.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Forvaltningsrevisjon skule - 2010 - Prosjektplan: Ressursbruk til skule
2	I	19.11.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Førebels revisjonsrapport Ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland for 2010
3	U	03.12.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Førebels revisjonsrapport - Ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland for 2010
4	I	31.01.2011	Nordhordland Revisjon IKS	Særutskrift frå kontrollutvalet - Ressursbruk i grunnskulen i Nordhordland

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kontrollutvalet handsama i møte den 31.01.2011 Rapport – ressursbruk skule. Rapporten vart gått gjennom i møte.

Det vart stilt spørsmål frå kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak frå Kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tok rapporten til etterretning. Kontrollutvalet ser det som naturleg at rapporten vert lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten til etterretning.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	15.02.2011	013/11	Alf Strand
Kommunestyret	24.02.2011	007/11	Alf Strand

Arkiv: N-210	Arkivsaknr.: 10/308
--------------	---------------------

SAK 07/11 - MEDLEMSSKAP I LOKALSAMFUNN MED MOT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune inngår ein tre-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT om "Lokalsamfunn med MOT". Avtalen gjeld frå 1/1 2011.

Finansiering

Det er sett av midlar til samarbeidet med MOT i budsjettet for 2011. Tilsvarande sum må budsjetterast kvart år så lenge samarbeidet varer.

FS-013/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune inngår ein tre-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT om "Lokalsamfunn med MOT". Avtalen gjeld frå 1/1 2011.

Det skjedde i Formannskapet den 15.02.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Dina Dyrhovden sa at det er eit veldig viktig arbeid som vert gjort mot ungdommen i Masfjorden og sa at dette arbeidet må me halda fram med.

Rådgjevar Alf Strand orienterte meir utfyllande om saka og sa at MOT arbeidet har fungert glimrande med dei folka me har som arbeider med dette.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta framlegg til vedtak.

KS-007/11 VEDTAK:

Masfjorden kommune inngår ein tre-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT om "Lokalsamfunn med MOT". Avtalen gjeld frå 1/1 2011.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Unn Ilseng frå organisasjonen MOT var tilstades for å orientera.

Organisasjonen MOT er ein organisasjon som skal hjelpa ungdom til å ta eigne val og ha mot til å stå i mot.

Grunnverdiar: Mot til å leve, Mot til å bry seg, Mot til å seie nei.

Visjonen: Tryggare og betre ungdomsmiljø.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa Marta Midtbø, Charlotte Nielsen, Per Einar Langhelle og Endre T. Nystrand er Masfjorden kommunen sine MOT folk.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Etter at røystinga var gjort vart ordførar Håkon Matre, rådmann Lovisa Midtbø og rådgjevar Alf Strand kalla fram for å underskriva ein tre-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT om "Lokalsamfunn med MOT".

Dei mottok alle kvar si MOT -skjorte, pins og kvar si lommelykt i gåve.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	01.07.2010	Fleire mottakarar	Medlemsskap i MOT - melding om vedtak

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

I sak 45/06 gjorde kommunestyret vedtak om å inngå ein 3-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT. Samarbeidet med og satsinga på MOT vart evaluert våren 2010, og i sak 38/10 vedtok kommunestyret å vidareføra medlemsskapet. Saka i dag gjeld såleis berre formalitetar omkring samarbeidet.

Sidan 2006 har MOT utvikla "produktet" sitt vidare. Dei nye samarbeidsavtalane som no blir inngått, heiter "Lokalsamfunn med MOT". Føremålet med "Lokalsamfunn med MOT" er å arbeida for å skapa varmare og tryggare oppvekstmiljø. Så langt har dette vore eit arbeid som har gått føre seg i skulane. No vil ein prøva å dra leiarane i det frivillige ungdomsarbeidet med i større grad. Arbeidet med MOT i skulen vil halda fram som før, lokalsamfunn med MOT vil berre føra til at ungdommane møter haldningar og metodar frå MOT også i det dei er med på utanom skuletid.

Så langt ein kan sjå vil ikkje dette medlemsskapet føra med seg større utgifter for kommunen.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune inngår ein tre-årig samarbeidsavtale med organisasjonen MOT om "Lokalsamfunn med MOT". Avtalen gjeld frå 1/1 2011.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	008/11	Alf Strand

Arkiv: N-210, N-104	Arkivsaknr.: 11/98
---------------------	--------------------

SAK 08/11 - KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN FOR SKULANE I MASFJORDEN 2011 - 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2011-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Det må setjast av midlar til vidare- og etterutdanning for siste halvår av skuleåret 2011-12 i samband med budsjetthandsaminga for 2012.

Heimel

Opplæringslova § 10-8

KS-008/11 VEDTAK:

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2011-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Rådgevar Alf Strand orienterte. Han sa at det er litt nytt når det gjeld vidareutdanning. Masfjorden har delteke med 3 lærarar kvart år dei siste to åra.

For 2011- 2012 får vi berre 1 plass ut ifrå talet på lærar som vi har.

Vi satsar på at vi får 3 i år og fordi det alltid vil vera skular som ikkje brukar heile kvoten sin. Det er sett av budsjettmidlar til 3 personar.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	31.01.2011	Utdanningsdirektoratet	Informasjon om tildeling av midlar til videreutdanning i 2011
3	I	08.02.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Tildeling - midlar til vidareutdanning - våren 2011

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok i møte 25/2 2010, sak 06/10 rullering av Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for perioden 2010-2011. I same saka vedtok ein at Masfjorden skal prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk. Planen må no rullerast og reviderast for at kommunen skal kunna få tildelt kompetansemidlane frå staten for 2011.

FAKTA

Den statlege satsinga på kompetanseheving for lærarar kjem til uttrykk i desse dokumenta: Kompetanse for kvalitet frå november 2008 og Informasjon om tildeling av midler til vidareutdanning i 2011, datert 31.01.2011.

I Kompetanse for kvalitet står det at "Høy faglig og pedagogisk kompetanse hos lærerne bidrar til gode elevresultater. Det er derfor en utfordring at 40 prosent av lærerne i grunnskolen ikke har noen faglig fordypning i fagene de underviser i, og bare en femdel har fordypning på minst ett år i fagene de underviser i."

For å bøta på dette har partane, dvs. Staten, KS og lærarorganisasjonane, gått saman om ein strategi som skal styrka den faglege kompetansen til lærarane.

Det vil krevja vidareutdanning, altså kompetansegevande utdanning. Vidareutdanninga skal i fyrste rekkje målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrka. Partane snakkar om eit varig system for vidareutdanning. Den fyrste perioden gjeld åra 2009-2012.

Det er sett av 201 mill kr til vidareutdanning for 2011. Av dette får Hordaland kr 12 mill og Masfjorden kommune i utgangspunktet 50000 kr for andre halvår.

Vidareutdanning

Strategien fører med seg at det skal satsast meir på kompetansegevande vidareutdanning og mindre på etterutdanning i form av kortare eller lengre kurs.

Lærarane skal få bruka arbeidstid på vidareutdanning. Dette skjer ved at staten yter tilskot på 40 % av vikarutgiftene til ein lærar som tek vidareutdanning. Skuleeigar, i vårt tilfelle kommunen, skal òg dekkja 40 % medan dei siste 20 % skal dekkast av læraren sjølv. Som regel vil det skje ved at læraren arbeider i 20 % av stillinga si.

Desse faga om områda vert prioritert frå sentralt hald i perioden 2009-2012:

Norsk, matematikk og engelsk på ungdomssteget

Leseopplæring på barnesteget

Andre fag ut frå lokale behov

Nytt av året er at lærarane søkjer studieplass direkte på elektronisk skjema. Desse studieplassane har eit omfang på 30 studiepoeng og går over to semester. Søknaden må avklarast med rektor.

Kommunen prioriterer søknadene og sender samlesøknad til Utdanningsdirektoratet innan 15. april. Samstundes sender kommunen inn behovet for midlar til fylkesmannen.

Etterutdanning

Også innan etterutdanning har staten gjort sine prioriteringar: leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering og IKT-kompetanse er prioritert. Kommunen må tilpassa sin plan til dei nasjonale føringane.

Innan etterutdanning vil lærarane i Masfjorden også i 2011 gjera seg nytte av tilboda frå Nordhordland kursregion.

VURDERING

Meir satsing på vidareutdanning vil vera ei god ordning for dei lærarane som vel å gjera seg nytte av det. Staten legg mykje pengar i den nye strategien og høgskular/universitet har lagt seg i selen for å laga gode studietilbod. Dei tre lærarane som har teke vidareutdanning dei to siste skuleåra, er stort sett godt nøgde med tilbodet. Kommunen vil gjennom vidareutdanninga få fleire lærarar med tilleggsutdanning og har inngått avtale om bindingstid for lærarar som tek vidareutdanning på desse vilkåra.

Meir pengar til vidareutdanning fører til mindre til etterutdanning, noko som gjer at det blir færre lærarar som får gjera seg nytte av dei statlege midlane kvart år. Det er då viktig med ei streng prioritering på kommunalt plan. Den vedlagde planen byggjer på behova på skulane i tillegg til at me held oss til dei faga det blir satsa på frå sentralt hald.

KONKLUSJON

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2011-2012 vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	20.01.2011	004/11	Roald Kvingedal
Kommunestyret	24.02.2011	009/11	Roald Kvingedal

Arkiv: GNR-30/50, N-138	Arkivsaknr.: 10/15
-------------------------	--------------------

SAK - FINANSIERING AV REKKEHUS SANDNES - GBNR 30/50/1,2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For rekkehus Sandneslia 11A-E, gnr 30, bnr 50 fnr 1 og 2, vert investeringskostnad justert opptil ein sum med samla kostnad på 8.650.000,- inkl mva.

Finansiering

Som vist i plan/faktadel

Heimel

Økonomireglement

FS-004/11 VEDTAK :

For rekkehus Sandneslia 11A-E, gnr 30, bnr 50 fnr 1 og 2, vert investeringskostnad justert opptil ein sum med samla kostnad på 8.650.000,- inkl mva.

Det skjedde i Formannskapet den 20.01.2011:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-009/11 VEDTAK:

For rekkehus Sandneslia 11A-E, gnr 30, bnr 50 fnr 1 og 2, vert investeringskostnad justert opptil ein sum med samla kostnad på 8.650.000,- inkl mva.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Saka vart drøfta.

Kjell Løvik, H, sa at det er viktig med byggeleing og oppfølging. Han spurde om Masfjorden kommune har bygningsteknisk kompetanse og om det fins instruks i forhold til ein byggeleiar.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det er Roald Kvingedal som har vore prosjektleiar. Han har byggfagleg kompetanse. Masfjorden kommune har instruks som er vedteken av kommunestyret, og sist revidert i 2008.

Laila S. Reknes, Ap, refererte til at kommunestyret hadde gått inn for at bustadane skulle finansierast ved sal av husvære. Ho spurde om ein har gått vekk frå dette?

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det førebels ikkje vore etterspurnad om kjøp av dei nye husværa. Kommunestyret har tidlegare vedteke at ein skulle selja to eldre einbustader i nærleiken av den gamle aldersheimen.

Når folkehøgskuleprosjektet no vert lagt på is, så må me ta opp til revurdering finansieringsdelen av dei nye rekkehusa. Rådmannen vil gjera framlegg om at det vert teke oppatt som sak i kommunestyret om kva bustader kommunen skal selja.

Janne Judith Sandnes, Frp, stilte spørsmål om forprosjektet i denne saka. Ho sa at tilleggskostnaden burde føresett og rekna inn i på førehand. Det vil vera vanskeleg å sei nei til dette no då husa ikkje vil bli ferdigstilt.

Dina Dyrhovden, Ap, stilte spørsmål i høve auke av utgiftene og spurde storleiken på husleiga i høve at loftet vart ferdigstilt.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at husleiga er pr. kvadratmeter.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	18.12.2009	Gravdal Bygg as	Gjenpart av nabovarsel Kvittering for nabovarsel og teikningar
3	I	12.01.2010	Gravdal Bygg as	Søknad om lokal godkjenning - Jarstad Rør AS
2	I	14.01.2010	Gravdal Bygg AS	Søknad om løyve til tiltak - rekkjehus - gnr 30/50
4	U	25.01.2010	Gravdal bygg AS	Melding om vedtak - rekkjehus - gnr 30/50 Sandnes
5	I	18.02.2010	Masfjorden kommune	Kart V/A kum
6	I	25.03.2010	Gravdal Bygg AS	Varsel om endring
7	X	15.10.2010		Statusrapport byggeprosjekt - Rekkehus Sandnes
9	I	15.10.2010	Roald Kvingedal	Økonomiplan for byggeprosjekt Rekkehus på Sandnes
12	I	05.02.2011	Gravdal Bygg as	Anmodning om midlertidig brukstillating rekkehus Sandnes

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Saka gjeld godkjenning av finansiering for bygging av rekkehus, Sandneslia 11A-E gnr 30/50/1,2. Masfjordnes.

FAKTA

Bygging av utleigebustader vart godkjent i kommunestyresak 123/08. Finansiering av rekkehuset vart innarbeidd i budsjettet for 2009 med kr 7,3mill. Sidan oppstart for bygging vart forskyve vart dette innarbeidd i 2010 budsjettet.

Finansiering:

09700	overf. frå drift	(momskompensasjon)	0
06700	sal av hus	- 1.500.000	
09101	lånefinansiering	- 3.000.000	
09400	fondsmidler	- 2.800.000	
		<u>7.300.000</u>	

Etter kontraktsforhandlingar 02.12.09 med Gravdal bygg as, vart kontraktsummen på kr 8.038.146,- inkl mva. Rapportert tidlegare i eiga sak og tertialrapport. I tillegg er det kome noko tilleggsarbeid på kr 626.854,- inkl mva Totalalkostnad for rekkehuset vert då på kr 8.650.000,- inkl mva.

Som vist i totalalkostnader for prosjektet er det kome ein del tilleggsarbeid med å få laga avskjeringsgrøft og dreneringsgrøfter for overflatevatn som kjem ned lia og sikring av

uteområdet. Det vil og koma kostnad med VA og straum frå 1meter frå grunnmur og ned til tilkoplingspunkt ved veg, ca 20 m. BKK yter noko bidrag med omlegginga.

Det vert presisert at dette heilt klart er byggherren sitt ansvar ved å sikre eigedomen for overflatevatn og sikring av uteområdet.

Det er eit ynskje å få innreiing av loft på eit av husa, då det er behov for eit stort husvære med mange soverom.

Oppsummering

- Prosjektet er i rute etter framdriftsplan.
- Bueiningane kan takast i bruk frå 1. mars. 2011.
- Ein leigetakar ynskjer å leiga med loft.

Rekneskap

	Totalbeløp	Rekneskap pr.31.12.10	Budsjett 2011
Totalpris Gravdal	8.038.146,-	6.387.500,-	1.650.646,-
<u>Tilleggsarbeid:</u>		53.395,-	
Overvatnsgrøft:			
Maling		6454,-	
Muring og grusing bak hus			50.000,-
Gjerde			150.000,-
VA - grøft		43750,-	
Endra farge list/dør			25.000,-
Overflatevatn grøft			50.000,-
Garderobeskap			40.000,-
		6.491.099,-	1.965.646,-
Totalt utbetalt pr 31.12.10		6.491.099,-	
Total kostnad pr 31.12.10		8.456.745,-	

Finansieringsplan

	Totalbeløp	Finansiering
Totalpris Gravdal	8.038.146,-	
Tilleggsarbeid:	461.854,-	
Innreiing loft	165000,-	
Tilskot for omsorgsbustad		250.000,-
Mva.,ref		350.000
lånfinansiering		3.000.000,-
Fondsmidler		4.300.000,-
Sal av hus		750.000,-
Total	8.650.000,-	8.650.000,-

KONKLUSJON

Rekkehus Sandneslia 11A-E, gbnr 30/50/1,2, vert investeringskostnad justert opptil ein sum samla kostnad på 8.650.000,- inkl mva.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	15.02.2011	015/11	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	24.02.2011	010/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-55, N-016	Arkivsaknr.: 11/64
--------------------	--------------------

SAK 10/11 - BRANNORDNING MASFJORDEN - ETABLERING AV FELLES BRANNORDNING MASFJORDEN OG GULEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommunestyre vedtek å etablere ein felles brannvernregion med Gulen kommune. Endeleg organisering, kostnadsdeling og godkjenning av samarbeidsavtale vert å kome attende til, og skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.
2. Brannordning for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.
3. Investeringsiltaka som er skildra vert å leggje inn i økonomiplanen for 2011-2014, ved neste rullering av investeringsbudsjettet.
4. Tiltaka som vil gje auka driftskostnader vert å handsame i budsjettrevisjon i mai/ junimøte kommunestyret.

FS-015/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommunestyre vedtek å etablere ein felles brannvernregion med Gulen kommune. Endeleg organisering, kostnadsdeling og godkjenning av samarbeidsavtale vert å kome attende til, og skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.
2. Investeringsiltaka som er skildra vert å leggje inn i økonomiplanen ved neste rullering av investeringsbudsjettet.
3. Tiltaka som vil gje auka driftskostnader vert å handsame i budsjettrevisjon i mai/ junimøte kommunestyret.

Det skjedde i Formannskapet den 15.02.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle kommenterte at kraftverk/fjellhallar ikkje er med på opplistinga av særskilte brannobjekt. Fjellhallar/kraftverk er klassifisert som særskilte brannobjekt som er av samfunnsmessig betydning.

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka.

Han sa blant anna at Masfjorden kommune her 9 % stilling som brannsjef og Gulen har noko meir.

Dette er ein av grunnane til at ein vurderer eit samarbeid med Gulen kommune.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om at pkt 2 i framlegg til vedtak går ut pga av at dokumentet "Brannordning for Masfjorden kommune" ikkje var utsendt ilag med sakspapira. Dette må liggja ved til kommunestyret.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg om at ein må endra årstalet i pkt 3 til 2012 fordi økonomiplanen 2011-2014 er vedteken.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at ein kunne stryke årstala i pkt 3 slik at det står:

Investeringsiltaka som er skildrar vert å leggje inn i økonomiplanen ved neste rullering av investeringsbudsjettet.

Ordførar konkluderte med at ein stryk årstala i pkt 3.

Røysting:

Det vart røysta punktvis over rådmannen sitt framlegg.

Pkt 1. Samrøystes

Pkt 2 går ut

Pkt 3 (nytt pkt 2) Samrøystes

Pkt 4 (nytt pkt 3) Samrøystes

KS-010/11 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommunestyre vedtek å etablere ein felles brannvernregion med Gulen kommune. Endeleg organisering, kostnadsdeling og godkjenning av samarbeidsavtale vert å kome attende til, og skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.**
- 2. Brannordning for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**
- 3. Investeringsiltaka som er skildra vert å leggje inn i økonomiplanen ved neste rullering av investeringsbudsjettet.**
- 4. Tiltaka som vil gje auka driftskostnader vert å handsame i budsjettrevisjon i mai/junimøte kommunestyret.**

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om handsaminga i formannskapet. I vedtaket som då vart gjort vart pkt 2 i rådmannen sitt framlegg teke ut fordi dokumentet Brannordning for Masfjorden kommune ikkje låg ved sakspapira. Dette punktet må takast inn att i vedtaket frå kommunestyret i dag.

Saka vart drøfta.

Karstein Totland, H, sa at dette er kjempebra og saka er godt utgreidd. Eit samarbeid med Gulen vil vera positivt.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa ein må passa på at når dette vert organisert at ein klarar å halda på folka. Det vil krevja mykje av brannmannskapa både med kursing og anna. Der er difor viktig at ein prøver å halda på dei som har fått opplæring.

Rådmann Lovisa Midtbø sa seg sa seg samd med Nordland. Det er viktig å få tilsett ein brannsjef som kan konsentrera seg fullt ut for brannberedskap og at mannskapa blir teke godt vare på slik at dei vil trivast i jobben.

Kjell Løvik, H, sa at dette er eit godt eksempel på kva som er viktig å samarbeida om.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dette er ein god plan og ei god løysing der ein kan jobba ilag både økonomisk og med viktige oppgåver. Sp støttar tilrådinga frå formannskapet.

Ordførar Håkon Matre opplyste om at ein tek inn att pkt 2 frå rådmannen sitt framlegg.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet med pkt 2 frå rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	04.09.2008	Norconsult	Risiko og sårbarhetanalyse (ROS) av brannordning i Gulen og Masfjorden kommuner
3	I	29.05.2009	Norconsult	Beredskapsanalyse av brannordning i Gulen og Masfjorden kommuner
7	I	16.12.2010	Gulen kommune	Brannordning for Gulen kommune
6	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar
4	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Fellesprosjekt - Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar
5	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Revisjon av brannordning Gulen og Masfjorden kommunar
8	I	15.02.2011	Ørnulf Lillestøl	Brannordning for Masfjorden kommune

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven/brannlova).
Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvern (dimensjoneringsforskrifta).
Brannordning for Masfjorden kommune år 2000

Vedlegg:		
Journaldato	Tittel	Dok.ID
31.01.2011	Fellesprosjekt - Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar	29807
31.01.2011	Revisjon av brannordning Gulen og Masfjorden kommunar	29808
31.01.2011	Beredskapsanalyse av brannordning i Gulen og Masfjorden kommuner	29806
31.01.2011	Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar	29809
16.02.2011	Brannordning Masfjorden kommune 2011.doc	30141

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn for saka:

Masfjorden kommune si godkjende brannordning er frå år 2000. Regelverk og risikobilete har endra seg og det har dermed vore naudsynt å revidere ordninga. Revisjonen som er gjort har vore eit samarbeid mellom Gulen og Masfjorden kommunar. Det har vore sett ned ei prosjektgruppe og ei intern arbeidsgruppe beståande av brannsjefane i kommunen samt prosjektleiar. Føremålet med samarbeidet har vore å kartlegge risikoen i kommunane, vurdere beredskapen i høve dette, vurdere ulike formar for samarbeid, samt utarbeide revisjon av brannordningane i kommunane.

Brann og eksplosjonsvernlova med føresegnar vart revidert i 2002. Ei sentral forskrift er ”Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen”. Forskrifta gjev føringar og set krav om mellom anna samarbeid mellom kommunar, krav til kompetanse hjå leiding og mannskap, utrusting, alarmering, vaktordning m.v.

Prinsippet i forskrifta seier at brannvernet skal organiserast og dimensjonerast ut i frå den reelle risikoen i kommunen. Forskrifta set og krav til minste dimensjonering.

Forskrifta set og større krav til utdanning av brannmannskap gjennom det som er kalla *deltidsreformen*. Dette gjer at alle mannskap skal i gjennom både brevkurs og grunnkurs på om lag 150 timar. Det ligg store utfordringar i høve gjennomføring av denne opplæringa. I tillegg vil det vere naudsynt å gjennomføre ytterlegare opplæring til leiarane på dei einskilde stasjonane.

Fakta

Utdanning av mannskap.

Tidlegare har det vore tilstrekkeleg med opplæring i eige brannvern for brannmannskap. Krava i ny forskrift (2002) har endra dette, slik at alle mannskap skal gjennomføre brevkurs og grunnkurs. Kravet for gjennomføring av dette for eksisterande mannskap er sett til 2012. I Masfjorden kommune reknar ein med at det er om lag 25-30 mannskap som lyt i gjennom desse kursa. Brevkurs vert tatt som sjølvstudium, men har kurskostnad på kr. 3.500 pr person. Grunnkurs er lagt opp som kvelds- og helgesamlingar med forventa tidsbruk på om lag 150 timar + reise og eventuell opphald. Det er 18 stk. som kan delta på kvart kurs, og det vert lagt opp til fordelinga av opplæringa over 3 år. Det er ikkje vurdert korleis dette skal gjennomførast i detalj, men gjennom samarbeid med Gulen kommune vil det vere minst kostbart å gjennomføre kursa lokalt.

Det er i utgangspunktet lagt opp til kvelds og helgesamlingar for desse kursa, ut i frå omfanget av kursa kan vi miste ein del mannskap dersom belastning med denne aktivitet på kveld og helg vert for høg. Vi ser det som naudsynt at kursa vert gjennomført lokalt, med minst mogeleg reiseaktivitet. Koordinering og gjennomføring av kursa vert ei utfordring framover, og vil krevje ekstra ressursar. Ein vil med denne utdanninga få betre grunnkompetanse hjå alle mannskap. Kostnad pr. mannskap er rekna til om lag kr. 30.000,-

ROS-analyse, vurdering av beredskap og utrusting.

Den generelle risikoen i kommunen er godt kartlagt i tidlegare brannordning. Etter år 2000 er det to sentrale element som er kome til i risikobilete i regionen, Sløvåg industriområde (Gulen kommune) og E39 med tilhøyrande tunnelar. Gjennom fellesprosjektet har føretaket Norconsult as gjennomført *Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse)*, samt tilhøyrande *beredskapsanalyse*. Denne analysa viser at beredskapen lyt aukast ut over det som er minstekrava i *dimensjoneringsforskrifta*. Vidare vert det peika på at eksisterande utrusting i form av kjøretøy ikkje er forsvarleg. Norconsult as tilrår i si beredskapsanalyse følgjande:

- 1. Det bør etableres en brannvernregion med brannsjef i heltids stilling (prosjektstilling).*
- 2. Det bør etableres en felles vaktordning for brannvernet i kommunene.*
- 3. Det bør etableres røykdykkerkompetanse på Duesund og Matre stasjon*
- 4. Det bør etableres kjøretøy med tilstrekkelig vannkapasitet i henholdsvis indre og ytre område som sikrer tilstrekkelig vannmengde til røykdykking. Dagens kjøretøy bør skiftes ut for å bedre driftsikkerheten og kjørehastighet i stigninger.*
- 5. Det bør anskaffes redningsbil med enkelt slokkeutstyr, førstehjelp og m/frigjøringsutstyr som disponeres av det personellet langs E39 (Matre/Brekke) som er på vakt.*
- 6. Det bør anskaffes lett materiell for akutt forurensning (tetteutstyr, absorber mv) på alle depot og kjøretøy*
- 7. Et midlertidig depot på Sløvåg bør etableres inntil et industrivern er etabl.*

VURDERING

Den interne arbeidsgruppa har med bakgrunn i tilrådingane i ROS/beredskaps-analysene gjort ei meir detaljert beredskapsvurdering i dei vedlagde dokumenta "Vurdering av beredskap indre område", "Vurdering av beredskap i ytre område", samt "Vurdering av brannvernsamarbeid mellom kommunane". Arbeidsgruppa har sett på dagens ordning opp i mot vurderingane frå Norconsult as, og konkluderer med følgjande:.

1. Det vert etablert ein felles brannvernregion mellom Gulen og Masfjorden kommune, og det vert tilsett brannsjef i prosjektstilling (100%) i 2 år.
2. Det vert ikkje etablert vaktordning for mannskap, men eksisterande vaktordning for utrykingsleiar (befalsvakt) i Gulen kommune vert og gjeldande for Masfjorden.
3. Det vert etablert røykdykkarteneste på Matre og Duesund, Brekke utvidast frå 3 til 6 røykdykkarar
4. Det vert etablert tankbil, eventuelt kombinert med brannbil ved Matre stasjon. Brekke stasjon får bil med 2000 liter vatn. Eivindvik får ny bil med 2000 liter vatn, eventuelt mindre type med 1000 liter.
5. Det lyt etablerast førsteinnsatsbilar ved Matre, Duesund og Sandnes stasjonar, samt Eivindvik, Brekke og Byrknes.
6. Det vert etablert lett materiell for akutt forureining på alle depot og stasjonar.
7. Det vert etablert industrivern i Sløvåg.

Utdjuping og kommentarar til punkta over.

Det er *Brannlova* med føresenger som set krav og gjev føringar i høve korleis brannvernet skal organiserast og dimensjonerast. Forskrifta seier mellom anna:

Kommunen skal sørge for at brannvesenet søker samarbeid med andre myndigheter for å sikre best mulig brannvern for kommunens innbyggere.

Omfang av samarbeid

Den enkelte kommune skal, alene eller sammen med annen kommune, ha et brannvesen som ivaretar de lovpålagte brannforebyggende og beredskapsmessige oppgaver, jf. brann- og eksplosjonsvernloven §§ 9 og 11.

Samfunnsutviklingen har ført til at dersom brannvesenet skal klare å gjennomføre oppgavene som følger av loven på en tilfredsstillende måte, er det viktig at det legges til rette for et utstrakt samarbeid med alle aktuelle aktører.

Kommunestyret har ansvaret for at det søkes samarbeid, selv når de lovbestemte oppgavene er overlatt til andre. Initiativet til å søke faglig brannvernssamarbeid ligger naturlig hos brannsjefen, men kan like gjerne initieres av ordfører eller rådmann.

Samarbeidformene kan være forskjellige, fra fullstendig integrering i interkommunale selskaper, til enklere samarbeidsavtaler, tilrettelegging av bistand, innarbeiding av felles rutiner og instruksverk og enkel mellommenneskelig kontakt med gjensidig informasjon om hverandres ressurser.

1. Felles brannvernregion med felles leiing.

I dokumentet "vurdering av brannvernssamarbeid mellom kommunane" som ligg vedlagt er det utgreidd ulike samarbeidsløysingar, og gjort vurderingar kring omfanget av arbeidet som ligg føre for å få gjennomført tiltaka i brannordninga. I dokumentet konkluderer ein med følgjande:

Skal ein ta beredskapsutfordringane vi har på alvor, og gjere ein innsats for å få brannvern og beredskapsarbeidet på det nivået som ein legg opp til, lyt dette arbeidet prioriterast og ha kontinuitet. Dette oppnår ein etter vår vurdering best ved å etablere felles leiing som kan gjennomføre dette både i prosjektfasen og etter arbeidet med oppgardering av brannvernet i samsvar med brannordninga er gjennomført. Etter vår vurdering bør det og etablerast felles brannvernregion med felles vaktordning. Dette vil sikre ei heilskapleg gjennomføring av prosjektet. I beredskapsamanheng vert det enklare å disponere mannskap og resursar etter situasjonen

Organisering av felles brannvernregion.

Det er ikkje utgreidd i detalj korleis felles brannvernregion skal organiserast. Det kan vere naturleg at ein av kommunane vert "vertskommune" for ordninga, ei anna løysing er etablering av interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27 med eige styre. Når det gjeld kostnadsdeling er det vanleg å nytte folketal som grunnlag. Hjå oss vert dette om lag 60/40 deling mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

Brannsjef i 100% prosjektstilling

I same dokument er det gjort greie for grunnlaget for å etablere brannsjef i 100% stilling i prosjektperioden (2 år). Brannsjefen i Masfjorden har i dag 9 % stilling, i tillegg har beredskapsleiar og med 9 % stilling, totalt 18%. Dette medfører at brannvernarbeidet ikkje får kontinuitet og det er liten moglegheit for oppdateringar og vidareutvikling. Med bakgrunn i

dei utfordringane som ligg føre med oppgradering av utstyr og kompetanse hjå mannskapa, lyt stillinga aukast fram til brannvernet er i samsvar med brannordninga. Dette vil medføre ei auke på 22 % stilling for Masfjorden kommune. Etter at prosjektperioden er over kan stillinga reduserast noko t.d til 70 % (30% for Masfjorden).

2. Vaktordning

Norconsult as legg i si beredskapsanalyse opp til at det bør etablerast vaktordning for brannmannskap for å sikre raskt og tilstrekkeleg oppmøte. Den interne arbeidsgruppa ser dette som lite aktuelt i høve risiko og kostnader. Ei vaktordning med t.d 2 personar på dreieande vekesvakt (x 4 veker) vil gje ein kostnad på om lag kr. 500.000,-. pr år. Vakta vil berre gjere at utrykkingstida ved den aktuelle stasjonen/området vert redusert noko. Ein treng likevel andre mannskap for større hendingar. Vi har i vårt grunnlag vurdert vakt i enkelte høve, som t.d ved store utfartsdagar med mykje trafikk langs E39.

Tradisjonelt har ein i staden for vakt, kompensert dette med å auke tal mannskap for å sikre tilstrekkeleg oppmøte. Det er dette prinsippet som vert vidareført her. I Masfjorden er det Matre og Duesund stasjon som får tilført to nye mannskap kvar.

Gulen kommune har jf. eksisterande brannordning vaktordning for utrykkingsleiar. Denne funksjonen tek i mot alarm frå 110 sentralen og leiar/koordinerer hendinga i høve utrykking og mannskap. Det vert lagt opp til at denne funksjonen vil dekke heile brannvernregionen.

3. Det vert etablert røykdykkarkompetanse på Matre og Duesund, Brekke utvidast frå 3 til 6 røykdykkarar. Matre stasjon vil dekke heile indre område av Masfjorden og E39, og vil for Gulen kommune kunne bidra med større slagkraft i høve røykdykking i mellom anna Skrikebergtunnelen, samt ved andre brannobjekt i Brekkeområdet. Tilsvarande vil Brekke stasjon styrkje innsatsen for indre område av Masfjorden og E39. Duesund stasjon vil for Masfjorden dekke heile ytre og sørlege område, for Gulen kommune vil stasjonen dekkje Hovden/Eidsbotn til Dalsøyra, samt Sløvåg, Sandøy, Mjømna og Byrknes med førsteinnsats røykdykking frå bil. Det er lagt opp til at Gulen kommune skal dekke delar av kostnaden med etablering av røykdykkarteneste ved Duesund.

4. Det vert etablert tankbil, eventuelt kombinert med brannbil ved Matre stasjon. Brekke stasjon får bil med 2000 liter vatn. Eivindvik får ny bil med 2000 liter vatn, eventuelt mindre type med 1000 liter.

Det vart i 2006 etter felles henvending frå Gulen og Masfjorden kommunar gjeve tilskot frå Statens vegvesen pr. kr. 750.000 til innkjøp av tankbil. Slik bil lyt utrustast som brannbil med pumper og tilhøyrande utstyr. Det er lagt opp til at Gulen kommune skal ta del i kostnaden med utrustinga.

Det er sendt brev til Statens vegvesen, der ein ber om møte vedkomande utrusting og beredskap langs E39. Det er i hovudsak E39 med tilhøyrande tunnelar som generer auka beredskap i indre område. Vi ønskjer større bidrag til innkjøp av utstyr og eventuelt til drift av beredskapen langs E39. Vi har så langt ikkje fått svar på henvendinga.

Det er og for ytre område vurdert etablering av vasstankbil på Duesund. Ein vil her sjå kva beredskap industrivernet i Sløvåg vil etablere på lang sikt. Dersom det vert etablert brannbil med 2000 liter vatn i området, vil det kunne vere tilstrekkeleg i høve total vassmengd i ytre område.

Ein tek her sikte på kjøp av brukt tankbil/brannbil til om lag kr. 2,0 mill. Vi reknar med at Statens Vegvesen vil indeksregulere og oppjustere sin stønad på kr. 750 (2005) til kr. 1 mill. Gulen kom

5. Det etablerast førsteinnsatsbilar ved Matre og Duesund stasjonar.

Desse kan vere mindre vare/kassebilar som lyt innreia slik at dei får funksjon som førsteinnsatsbilar, som har med naudsynt utstyr for sløkking av mindre brann og frigjering av fastklemde. Ved trafikkulykker og andre hendingar er tida særst avgjerande for å redde liv. Førsteinnsatsbilar er mindre bilar som kjem raskare fram enn tyngre og større brannbilar og dermed kan starte livreddande innsats tidlegare.

Ein tek her sikte på kjøp av brukte "kasse/varebilar" til Matre, Duesund og Sandnes som skal nyttast som førsteinnsatsbilar. For Matre lyt bilen ha 5 seter, dersom ikkje Tank/brannbil har mannskapskabin. Kostnad om lag kr. 175.000,- pr. stasjon= 525.000,- + innreiing kr. 145.000,-

6. Det vert etablert lett materiell for akutt forureining på alle depot og stasjonar. Utstyret vert montert i førsteinnsatsbilane. Kostnad om lag kr. 10.000,-

7. Det vert etablert industrivern i Sløvåg.
Det er i 2010 etablert industribrannvern i Sløvåg.

Kostnaden for tiltaka over er som følgjer:

Investering:

		Sum	Masfjorden
Investeringar		investering	2011
Ny Tankbil/brannbil Matre	STV 1 mill+ GK 400'+ MK 600'	2 000 000	600 000
Førsteinnsatsbilar Matre, Duesund, Sandnes	3*175'=525'+ innreiing 145'	670 000	670 000
Røykdykkarutstyr 14 sett*20' = 280'	GK 100+ MK 200'= 300'	300 000	200 000
Oljevernustyr 3*10'=30'		30 000	30 000
SUM Investering bil og utstyr		3 000 000	1 500 000
I tillegg kjem Mva og eigenkost innkjøp		900 000	450 000
SUM brutto investering bilar og utstyr		3 900 000	1 950 000

Sum investering for Masfjorden kommune vert kr. 1.950.000,- +

Drift:

Tiltak	2011	2012	2013	2014
Brannsjef 40% stilling 2 år, auke 22 %	64 900	129 800	64 900	
Brannsjef 30 % stilling etter 2 år, auke 12 %			35 400	70 800
Opplæring mannskap fordelt 3 år + gen. Auke	220 500	441 000	220 500	50 000
Auka mannskap Matre og Duesund	30 000	60 000	60 000	60 000
Bilar og utstyr avskrivning 1.500'/7 år		214 286	214 286	214 286
Drift og vedlikehald bilar og utstyr tillegg, Eu kontroll/service drift i tillegg til dagens	10 000	20 000	30 000	30 000
SUM AUKE DRIFT BRANNVERN	325 400	865 086	625 086	425 086

2014 vert normalår for drift fram til 2019 då utstyr er nedskrivne.

KONKLUSJON

For å tilfredsstille *Brannlova* med føresegner er det naudsynt å auke beredskapen slik det vert skreve om over. For Masfjorden kommune gjeld dette i hovudsak auka mannskap med røykdykkarkompetanse, samt tankbil/brannbil til denne tenesta ved Matre brannstasjon. Den store kostnaden i høve drift vert avskrivning ved kjøp av bilar og auka krav opplæring i høve *deltidsreformen*. Det lyt i tillegg vere ressurs som kan koordinera og gjennomføra dei nye tiltaka. Det er lagt opp til felles brannvern med Gulen kommune. Felles brannsjef for kommunane vil kunne arbeide kontinuerleg med brannvernarbeidet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	011/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-650	Arkivsaknr.: 09/213
--------------	---------------------

SAK 11/11 - BKK NETT AS - 300 kV KRAFTLEIDNING MONGSTAD - MODALEN - NY HANDSAMING

Rådmannen sitt nye framlegg til vedtak:

- Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom Trodalen subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen. Alternativ plassering i Kvitskaret må utgreiast.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med designmaste-konseptet, og å vurdere alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.
- Masfjorden kommune støttar uttalen frå fylkesmannen når det gjeld tilleggsutgreiing for den mest konfliktfylte strekninga Eikemo – Kvamsdalen – Sleire ut frå landskapsomsyn for om mogeleg å finne fleire mellomløysing og redusere negative konsekvensar.

Finansiering

Heimel

FS-010/11 VEDTAK /FØREBELS UTTALE:

- Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom Trodalen subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen. Alternativ plassering i Kvitskaret må utgreiast.
- Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med designmaste-konseptet, og å vurdere alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.

Dette er ein førebels uttale frå Masfjorden kommune.

Saka vert handsama i neste formannskapsmøte den 10. februar.

Endeleg uttale vil bli sendt til NVE etter kommunestyremøte den 24. februar 2011.

Det skjedde i Formannskapet den 20.01.2011:

Sakspapira vart delt ut i møtet.

Marit Steinestø, KrF, ba om at saka vert handsama i kommunestyret.

Ordførar Håkon Matre avklarte med NVE at det var mogleg å senda inn endeleg uttale etter at kommunestyret hadde handsama saka den 24. februar.

Matre sa at han har skrive under ein uttale i saka og spurde om han er ugild.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at dette er ei kraftlinje som går gjennom heile kommunen og kan ikkje sjå at ordførar er ugild.

Formannskapet røysta og ordførar vart samrøystes kjend gild.

Vigdis Søvik, Sp, spurde etter eit innspel som Sp hadde i sak 108/10 Skriv og melding til kommunestyret den 09. des. 2010. Ho spurde om Masfjorden kommune vil støtta ein uttale om å vurdere jordvern i samband med dei føreslegne koplingane i Haugsværdalen.

Rådmannen svara at kommunen i saksutgreiinga støttar at alternativ plassering i Kvitskaret vert utgreidd. Dette kan arbeidast inn i uttalen.

Søvik spurde og om Masfjorden kommune på noko tidspunkt har gjeve uttrykk for at linja ikkje skulle gå gjennom Masfjorden i det heile, men det andre alternativet på Lindås.

Rådmannen svara at administrasjonen ikkje har vurdert det. Rådmannen har oppfatta at linja skal gå frå kraftverka i Modalen via kraftverka på Matre til Mongstad.

Willy Borge, Frp, sa at han saknar ein del innspel. Han ynskjer å presisera at BKK må bruka mindre og fleire master. Det er viktig å koma til semje med BKK om at linja får ei mest mogleg diskre utforming og trase.

Dina Dyrhovden, Ap, spurde om Masfjorden kommune skal ta alle uttalane som er komne inn frå innbygarane med i sin uttale?

Rådmannen Lovisa Midtbø svara at rådmannen skal leggja fram ei tilråding til uttale. Kommunen har ikkje motteke kopi av alle uttalane som innbyggjarane har sendt NVE. Innspela kan og vera motstridande. Kommunen kan sjølvsagt ta med at ein støttar utgreiing av nokre innspel som ein ser som viktige.

Formannskapet gjekk gjennom punkta i rådmannen sitt framlegg.

Rådmann Lovisa Midtbø gjorde framlegg om å setja inn ein nytt kulepunkt 1 i sitt framlegg:

- *Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.*

Formannskapet vart etter drøfting samde om endring/tilføyning i kulepunkt 2, 4, og 5 i rådmannen sitt framlegg:

Tilføyning i kulepunkt 2:

...flytte luftlina bort frå byggeområde *som eit kompensierende tiltak.*

Tilføyning i nest siste kulepunkt:

Alternativ plassering i Kvitskaret må utgreiast.

Endring i siste kulepunkt: (ta vekk: i ytre del av kommunen)

....og å vurdera alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og Innsyn frå **Masfjorden/Fensfjorden.**

Saka blir handsama i neste formannskapsmøte den 10. februar og deretter i kommunestyremøte den 24. februar.

Vedtaket frå formannskapet i dag vert sendt inn til NVE som ein førebels uttale.

KS-011/11 VEDTAK :

- **Masfjorden kommune er nøgd med at BKK har gått bort frå etablering av koplingsanlegg i Matresdalen.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit kompensierende tiltak.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom Trodalen subsidiert å flytte luftlina bort frå byggeområde som eit kompensierende tiltak.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å gje BKK konsesjon til å kable 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær som eit kompensierende tiltak.**
- **Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen.**

Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen. Masfjorden kommune vil verna om dyrkingsjorda i Haugsværdalen og krev at Kvitskaret må utgreiast med tanke på plassering av nytt koplingsanlegg-

- **Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med designmastekonseptet, og å vurdere alle master individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Masfjorden/Fensfjorden.**
- **Masfjorden kommune støttar uttalen frå fylkesmannen og krev tilleggsutgreiing for den mest konfliktfylte strekninga Eikemo – Kvamsdalen – Sleire ut frå landskapsomsyn for om mogeleg å finne fleire mellomløysing og redusere negative konsekvensar.**
- **NVE pålegg BKK å leggja Masfjorden kommune Kv 300 (420) kv linja i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette av visuelle hensyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.**
- **”Masfjorden kom ber NVE om å pålegge BKK velje trace 1.6, over fylkesgrensa Hordaland/Sogn og Fjordane , samt å nytte jordkabel mellom FV 570 og sjøknutepunktet i Ildalen.**

Trace for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden vert plassert slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Det vart delt ut to uttalar som var komne inn etter at sakapapira til kommunestyret var utsendt. Det er frå: Gjert Rune Daae og Bjarne Kvamsdal m.fl.

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte og synte kraftlinjetrasèane på kart.

Det vart stilt spørsmål i høve trasèane.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg om nytt pkt 5:

Masfjorden kommune ber NVE om å pålegge BKK å jobbe vidare med landskapstilpassing for dei nye koplingsanlegga som er planlagt i kommunen.

Masfjorden kommune vil verna om dyrkingsjorda i Haugsværdalen og krev at Kvitskaret må utgreiast med tanke på plassering av nytt koplingsanlegg-

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om:

NVE pålegg BKK å leggja Masfjorden kommune Kv 300 (420) kv linja i eksisterande trace forbi Stemmevatnet ved Solheim. Dette av visuelle hensyn med tanke på innsyn frå Solheim og fjorden.

Steinestø sa at kommunen burde utgreidd/belyst alle innspela som er komne frå grunneigarar. I saksutgreiinga er nokre skrive med namn og andre som grunneigarar. Det burde gjennomgåande vore brukt benemninga grunneigar.

Liv Oda Dale sa seg samd med Marit Steinestø i hennar vurdering.

Rådmannen svara at Masfjorden kommune er høyringsinstans i saka, og har ikkje avgjerdsmynde.

Grunneigarar og andre instansar har gjeve sin uttale til NVE. Masfjorden kommune er ein av høyringsinstansane, og det kommunale ansvaret er særleg å ta vare på allmenne interesser og natur og miljø.

Kjell Løvik, H, gjorde framlegg om eit nytt kulepunkt i høve alt. 1.6

"Masfjorden kom ber NVE om å pålegge BKK velje trace 1.6, over fylkesgrensa Hordaland/Sogn og Fjordane, samt å nytte jordkabel mellom FV 570 og sjøknutepunktet i Ildalen.

Trace for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden vert plassert slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Bjørn Egil Nordland, Ap, gjer framlegg om at kulepunkt 1 blir teke vekk.

Røysting:

Det vart røysta punkt for punkt over framlegg til vedtak.

- Pkt 1: Tiltrådinga frå formannskapet og framlegget frå Bjørn Egil Nordland vart røysta mot kvarandre.
Tiltrådinga frå formannskapet vart vedteke med 16 mot 1 røyst.
- Pkt 2: Samrøystes
- Pkt 3: Samrøystes
- Pkt 4: Samrøystes
- Pkt 5: Første setning: Samrøystes
- Pkt 5: Siste setning: Her vart tilrådinga frå formannskapet og Sp sitt framlegg røysta mot kvarandre.
Sp sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
- Pkt 6: Samrøystes
- Pkt 7: Samrøystes
- Nytt pkt 8: KrF sitt framlegg – samrøystes
- Nytt pkt 9: Høgre sitt framlegg – samrøystes

**Det vart tilslutt røysta over heile framlegget til vedtak.
Samrøystes vedteke.**

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.03.2009	NVE	Høyring - BKK Nett AS - 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen
6	U	10.06.2009	NVE	Uttale frå Masfjorden kommune som gjeld 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen
8	I	23.12.2009	NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	BKK Nett AS - ny kraftledning - orientering om utredningsprogram
25	I	07.06.2010	Arnold Matre og Kristin Midtgård	Merknader til melding om ny 300 kv kraftledning Modalen - Mongstad - del av strekning gjennom Matre
10	I	20.09.2010	BKK Nett AS	Informasjon om bygging av 300 (420) kv kraftledning Modalen - Mongstad og
9	I	28.09.2010	BKK Nett AS	Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for 300 kv Modalen - Mongstad
11	I	28.10.2010	NVE	BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad.
12	I	28.10.2010	NVE	Høyring av søknad og BKK Nett AS - 300 kV kraftledning Mongstad - Modalen
14	I	07.12.2010	Norodd Trodal	Vedrørnde ny linje Modalen- Mongstad
15	I	28.12.2010	Oddvar Molland Eikemo	Kopi av merknader til ny kraftlinje Modalen-Mongstad
16	I	03.01.2011	Ivar Duesund	Høyringsuttale til trasealternativ for 300(420)kv kraftledning Modalen - Mongstad
17	I	03.01.2011	Hallvard Haugsvær og Jon Steinar Haugvær	Innspel til linjetrase Modalen - Mongstad
19	I	06.01.2011	Ytre Haugsdal Grunneigarlag	Uttale BKK søknad om konsesjon for 300 (420) Kv Kraftlinje, Modalen - Mongstad
26	I	06.01.2011	Arnold Matre og Kristin Midtgård	Merknader til høyring - søknad og konsekvensutgreiing i høve 300 kraftledning Modalen - Mongstad
18	I	07.01.2011	Ivar Helge Marte	Innspel til Kraftlinje Mongstad- Matre-Modalen
20	I	10.01.2011	Torill Torsvik Størkersen	Innspel frå GMU til kraftlinje Modalen - Mongstad
21	I	10.01.2011	Ørjan Daae	Uttale om konsesjonssøknad - Kraftledning Mongstad - Modalen

22	I	10.01.2011	Arne Berg	Høring Modalen Mongstad Arne Berg
23	I	11.01.2011	Hordaland fylkeskommune v/Anne Aune	Konsesjonssøknad BKK Nett for 300(420)kV kraftline Mongstad-Modalen i kultur og ressursutvalet, Hordaland fylkeskommune
24	I	12.01.2011	Anne Hordaland fylkeskommune v/Aune	Ettersending av saksurgreiing for konsesjonssøknad BKK Nett for 300(420)kV kraftline Mongstad-Modalen
27	U	26.01.2011	NVE	Melding om politisk vedtak - førebels uttale som gjeld BKK Nett AS- 300(420)kv kraftledning Modalen- Mongstad. Høyring av søknad og
28	I	21.02.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Høyring på konsesjonssøknad - 300 kv kraftledning Modalen - Mongstad

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

BKK Nett AS har lagt fram søknad om *konsesjon, ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse* i samband med ny 300 (420) kV kraftledning mellom Modalen og Mongstad. Søknaden omfattar og ny transformatorstasjon på Haugsværdalen samt etablering av ein ny transformatorstasjon på Frøyset med nytt 420 kV anlegg ved sida av dagens 132 kV anlegg.

BKK har valt å prioritere alternativ 1.1a og ikkje søke konsesjon på det alternativet som kjem best ut i landskapsvurderinga (alternativ 1.2). Grunngevinga for dette er at alternativ 1.1a kjem best ut med omsyn på friluftsliv og kultur og er mindre konfliktylt med omsyn til biologisk mangfald enn alternativa.

NVE har sendt BKK sin søknad ut på høyring. I samband med høyringsprosessen vart og formannskapet invitert til eit informasjonsmøte i kinosalen på Matre den 09.11.2010. Formanskapa i Modalen og Gulen var og invitert til same møte.

NVE inviterte og til folkemøte; først på Matre den 9.nov så på Risnes dagen etter.

BKK

FAKTA

Masfjorden kommune har i brev dagsett 08.06.2009 gitt følgjande uttale til melding frå BKK om ny 300 kV kraftledning Mongstad – Modalen:

- Masfjorden kommune ønskjer at 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre og til Stordalen vert lagt i kabel. Særleg viktig er det at kabelen vert lagt i god nok avstand frå to eksisterande bustadhus på Litle Matre og planlagt næringsbygg i sandtaket.
- Masfjorden kommune ønskjer at det nye koplingsanlegget som er planlagt vert lagt på ein slik måte at det vert minst mogleg synleg for ålmenta.
- Masfjorden kommune ønskjer at alle master i ytre del av kommunen vert vurdert individuelt ut frå både nærområde der ho skal plasserast og innsyn frå Fensfjorden.

- Masfjorden kommune ønskjer at alle master over bert fjellområde vert vurdert kamuflert på beste mogelege måte.
- Masfjorden kommune ønskjer at 20 kV lina som går gjennom Trodalen vert vurdert kabla som eit kompensierende tiltak. Lina bandlegg i dag ei flott område for nybygging av bustadhus. Jfr uttale frå Asbjørn Bjørneklett.
- Masfjorden kommune ønskjer at 20 kV lina som går gjennom byggefeltet på Haugsvær vert kabla som eit kompensierende tiltak. Lina bandlegg i dag fleire regulerte bustadtomter.
- Masfjorden kommune er klar over at det er fleire 20 kV liner i kommunen som bandlegg gode byggeområde for bustad. Skulle NVE finne at det er aktuelt å krevje kabling av eksisterande 20 kV liner som eit kompensierende tiltak, ber kommunen om høve til å kome med fleire konkrete forslag når ein har kome lenger med den påbyrja kommuneplanprosessen.

VURDERING

Kommunen har motteke kopi av mange høyringsuttaler men rådmannen vil i vurderinga under i alle hovudsak konsentrerer seg om omsøkte alternativ samt kulepunktta i kommunen sin uttale til meldinga sidan rådmannen vurderer dei innkomne høyringsuttalane som klart formulerte og godt grunngjevne.

Deler av 132 kV Matre –Kvitskaret

BKK skriv (side 35):

Denne ledningen går gjennom sentrum av Matre, og tar forholdsvis mye plass i tettstedet. Kommunen ønsker av den grunn at anlegget skal kables. Det ligger en bustad tett inntil ledningen, anslagsvis i underkant av 10 meter fra den ytterste linjen.

BKK Nett AS har vurdert kabling frå transformatorstasjonen og frem til første mast på vestsiden av riksvegen. BKK Nett AS vurderer dette som et godt avbøtende tiltak. Det er rent driftsmessig uproblematisk.

Kommunen blir belastet med mye nye anlegg, blant annet ny transformatorstasjon i Haugsværdalen. Kommunen opplyser at det er mangel på utbyggingsareal i kommunen, og kabling her vil frigjøre attraktivt areal.

BKK Nett AS foreslår å kable fra stasjonen i Matre og bort til endemast på andre siden av elven. Den eksisterende ledningen må uansett bygges om i forbindelse med dette tiltaket. Kabelkostnadene anslås til ca. 7,5 millioner.

Rådmannen sin kommentar:

BKK informerte om at sjølv om dei hadde skrive dette inn i søknaden, var det ikkje søkt konsesjon for tiltaket. Kommunen må difor be NVE om å pålegge BKK å gjennomføre dette tiltaket som eit av vilkåra til løyvet.

Rådmannen er glad for at BKK Nett AS vurderer å kable 132 kV gjennom Grøn Næringspark, Matre som eit godt avbøtende tiltak og rår til at dette vert vektlagt i uttalen til NVE.

Designmaster og kamuflerende tiltak

BKK skriv (side 64):

BKK Nett AS etterstreber bruk at lave master, men flere steder er det ikke mulig fordi terrengforhold og avstandskrav gjør at mastene må ha en viss høyde. Det gjelder spesielt langs delstrekning 1 i høyfjellområdene. Andre steder kan mastehøyden reduseres dersom grunnforholdene tillater det, f.eks i Eikemodalen og Haugsværdalen langs delstrekning 3.

Langs Haugsværvannet kan fargelegging av mastene være et kamuflerende tiltak. Vi vurderer også å bruke alternative master her, jfr. rapport om design. Vi vil bruke flere og lavere master langs Haugsværvannet dersom grunnforholdene tillater det.

BKK Nett AS vurderer det ikke som et godt tiltak å flytte mastene på nordsiden av bebyggelsen på Eikemo fordi de da vil komme for tett opp til bebyggelsen. Dersom grunnforholdene tillater det vil vi heller flytte traseen lenger inn mot Heinnakken, jfr. innspill til avbøtende tiltak i rapport om design.

[...]

Alternative mastetyper som avbøtende tiltak er primært vurdert i områder som ligger nær veg og bebyggelse samtidig som anleggene er vurdert til å gi store negative konsekvenser for landskapet. Det er en målsetting å komme frem til master som i større grad er tilpasset de omgivelsene de skal stå i enn de tradisjonelle portalmastene.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen er nøgd med at BKK har nytta ressursar på å utvikle nytt design for høgspenmaster og synes det er spennande idear konsulentfirma har kome opp med. BKK vert oppmoda om å jobbe vidare med designmaster opp mot funksjonalitet og tryggleik, då det er viktig for landskapstilpassing både på Haugsvær og i Eikemodalen. Rådmannen har merka seg at designmastene vert kalla "the Eikemodesign og har ingen ting innvendingar mot dette. Om namnet seinare skulle verte endra til "the Masfjorddesign", vil me vere like fornøgde.

BKK vert oppmoda om og å vurdere designmaster og/eller kamuflasje det høge einskildmaster er planlagt i silhuett mot himmelsynet sjølv om område ikkje ligg nær veg eller bustad.

Rådmannen har merka seg at einskild master på Sleire (52 meter), Kvamsdalen (60 meter) og Eikemo (50 meter) er planlagt svært høge og oppmodar BKK til å sjå nærare på dette knytt opp mot

- fleire – og dermed lågare – master
- bruk av designmaster og fargelegging.
- alternativ trase

Transformatorstasjonen på Haugsværdalen

BKK skriv (side 46):

Et alternativ for ny transformatorstasjon ligg i Haugsværdalen. Et slik anlegg vil beslaglegge 14 da. Stasjonsområde vil bli eksponert, men vil kunne få en akseptabel landskapstilpassing i enden av vannet og i utkanten av landskapsrommet.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen er nøgd med at BKK har jobba mykje med landskapstilpassing når det gjeld ny transformatorstasjon i Indrefjorden. Eit slikt stort anlegg vil ein sjå frå veg uansett kor det vet plassert sidan installasjonane er store og tunge og ikkje kan flyttast med anna enn bil.

22 kV gjennom Trodalen

BKK skriv (side 35):

BKK Nett AS har befart det aktuelle området sammen med kommune og grunneier. Ledningsanlegget er frå 90 tallet og forholdsvis nytt. Det er eneste forsyningsveg til og fra Matre, og anlegget vil ikke ha tilstrekkelig kapasitet dersom alle småkraftverksplanene iverksettes i område. BKK Nett AS vurderer ulike løsninger for denne forbindelsen, og er ikke klar for å foreslå tiltak nå. Vi er positive til å finne en løsning som innebærer kabel, men vi ønsker å avvent dette til den øvrige situasjonen blir mer avklart. Vi ønsker ikke å etablere en midlertidig løsning som på et senere tidspunkt kan bli en flaskehals.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen ønskjer å peike på at ein i forje uttale ønskja kabling av denne lina, men at ein på synfaring spelte inn at ein og kunne flytte lina bort frå byggeområde og høgge opp mot E39 (ny trase for luftlina). Dette siste er ikkje vurdert av BKK. Det viktigaste for kommunen er å frigjere byggeareal og dette bør vektleggast i denne uttalen frå kommunen.

22 kV Haugsværlia

BKK skriv (side 36):

BKK Nett Ass har befart det aktuelle område sammen med kommunen. Eksisterende 22 kV krysser et boligområde, og legger beslag på to byggeklare tomter. Anlegget blir en radiell og BKK Nett AS ser ikke noe teknisk eller driftsmessige problemer med å kable dette anlegget. Kostnaden anslås til ca 1,5 millioner kroner, og inkluderer tiltak i to kiosker og ca. 1 km kabel.

Rådmannen sin kommentar:

BKK informerte om at sjølv om dei hadde skrive dette inn i søknaden, var det ikkje søkt konsesjon for tiltaket. Kommunen må difor be NVE om å pålegge BKK å gjennomføre dette tiltaket som eit av vilkåra til løyvet.

Rådmannen er glad for at BKK Nett AS vurderer å kable 22 kV gjennom bustadområde på Haugsvær som eit godt avbøtande tiltak og rår til at dette vert vektlagt i uttalen til NVE.

KONKLUSJON

Jf. vurdering.

Nye opplysninger i saka

Kort oppsummering av dei innkomne uttalane kommune har fått kopi av. **Modalen - Matre: Grunneigarane på Litlematre gnr 52 + hytteeigarar (Litlematrestølen):** er nøgd med at BKK har valt å gå bort frå alt 1 (ikkje omsøkt) og fremmer eige alternativ. 1.1.a er det beste av dei omsøkt

Arnold Matre og Kristin Midtgård: peiker på at del av trase 1.1 frå Vemundsbotn til Matre i størst mogleg grad må ta omsyn til direkte og indirekte kvalitetar i område – i minst mogleg grad verte synleg frå Litlematre stølen og Matresdalen/Fossen

Arne Berg: peiker på at trase 1.1 bør velgast

Fylkesmannen i Hordaland: frårår sterkt alt 1.1. og austre del av alt 1.1.a. Setter krav om ny utgreiing av denne del av traseen,

Hordland Fylkeskommune: prioriterer alt.1.1.a framfor alt 1.1

Matre (kompenserande tiltak)

Grunneigarar på Matre gnr 52 bnr 12 og 33: krev 132 kV lina frå Matre kraftverk til ny koplingsstasjon kabla gjennom Litlematre.

Arnold Matre og Kristin Midtgård: krev 132 kV frå Matre kraftverk til nord for Matreselva kabla.

Arne Berg: BKK si 132 kV line frå Matre til Matresdalen må kablast

Hordland Fylkeskommune: tilrår merking av liner, stadtilpassa design av master og koplingsanlegg og kabling av lågare spenningsnivå for å avlaste lokalsamfunn.

Trodalen (kompenserande tiltak)

Norodd Trodal: Krev (sjø)kabling av 20kV gjennom byggeområde i Trodalen og veg frå Trodalsleitet til Botnetjønna.

Nytt koplingsanlegg

Grunneigarar på Haugsvær, Trodal og Matre: ønskjer utgreidd Kvitskaret som plasseringspunkt i staden for Haugsværdalen. Ønskjer utgreidd reduksjon av linetrasear over gnr 49 bnr 1.

Arnold Matre og Kristin Midtgård: peiker på at dei er særst nøgd med at BKK har gått bort frå alternativet med nytt koplingsanlegg i Matresdalen. Ønskjer utgreidd om det er mogleg å samle begge linene frå Matresvatnet til Kvitskaret i ei stolperekke.

Solheim

Ivar Duesund, Kristen Solheim og Magne O. Hope: ønskjer gjenbruk av 132 kV trase forbi Stemmevatn på Solheim i staden for omsøkt trase.

Eikemo

Oddvar Molland Eikemo: ønskjer lina så langt bort frå husa på Eikemo som mogleg. Ønskjer vidare arbeid med designmaster samt at dei vert så låge som mogleg.

Kvamsdalen

Ivar Duesund: støtter alt. 1 gjennom Kvamsdalen

Fylkesmannen i Hordaland: Setter krav om ny utgreiing av traseen i område ved Kvamsdalen.

Frøyset / Sleire

Ørjan Daae: støtter val av alt. 1.5 mellom Fløyfjellet og Frøyset. BKK må gjennomføre ny konsekvensutgreiing for del av linestrekning 1.5. Understrekar at det er behov for kompensierende tiltak som design, skulpturmaster og mastehøgde.

Ildalen

Grunneigarane i Ytre Haugsdal: støttar alt 1.6 når det gjeld traseval og har konkrete endringsframlegg til detaljprosjekteringa, men ønskjer kabel frå fv 570 til sjøknutepunktet.

GMU: støtter grunneigarane sitt framlegg om trase gjennom Ildalen før sjøkabel til Mongstad.

Ikkje omsøkte alternativ

Grunneigarar på Haugsvær, Trodal og Matre: ønskjer at BKK blir pålagt å utgreie alternativ gjennom Romarheimsdalen – Lindås – Austfjorden

Ivar Duesund: ønskjer at BKK blir pålagt å utgreie alternativ gjennom Romarheimsdalen – Lindås – Austfjorden.

GMU: tar opp sikring av kraftforsyning til Sløvågområde

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	012/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/120
-----------	---------------------

SAK - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	10/5646	I	26.11.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Oversending av rapport - prioritering av offentlege allmenmedisinske oppgåver, utfordringar innan miljøretta helsevern og legevakt
2	10/5808	I	13.12.2010	NGIR	Referat frå styremøte NGIR 13.12.10
3	11/111	I	03.01.2011	Hordaland fylkeskommune	Kollektivmeldinga 2010
4	11/140	U	11.01.2011	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa den 11.01.11
5	10/5198	X	18.01.2011		Nasjonale prøvar 2010
6	11/517	I	31.01.2011	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Kontrollutvalet - Møteutskrift frå møte 31.01.11
7	11/67	X	13.01.2011	Kommunestyret	SFO-satsar, tolking
8	11/207	U	13.02.2011	Hordaland fylkeskommune	Orientering om prosjektet Ferjefri kryssing av Masfjorden.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-012/11 VEDTAK:

Skriv og meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Ordførar Håkon Matre gjekk gjennom skriv og meldingar.

Munnlege orienteringar:

- Rådmannen orienterte om gravferda i veka som gjekk der kommunen stilte med lokale og TV- overføring til kommunehuset. Det var fleire hundre menneske og på langt nær alle ville fått plass i kyrkja.
TV-selskapet Buss og Media i Nordhordland sto for det tekniske i høve overføringa. Ein vil no drøfta med dei om ein kan få dette inn i beredskapsplanen vår for alle kyrkjene.
- **Orientering v/ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen:**
Utdrag frå rekneskapen for 2010 og budsjett 2011 – skriv utdelt i møtet.
Budsjettsaldering kjem i mai møtet eller i mars dersom det er ynskje om det.

REKNEKAPEN FOR 2010

Resultat 2010

Innrapport KOSTRA rekneskapen for Masfjorden kommune for 2010 pr. 15.2 viser eit overskot på kr. 2,8 mill.kr. Rekneskapen er ikkje ferdigstilt, men ein reknar ikkje med dei store endringane. Status pr. dato viser eit overskot på 2,9 mill.kr.

Rekneskapen kjem til formell handsaming i kontrollutvalet – formannskap og Kommunestyret i april 2011

Netto driftsresultat på om lag 10 mill.kr., som er vesentleg betre enn budsjettert – men heilt i tråd med prognose framlagt i samband med budsjettsalderinga i mai 2010.

Driftsinntektene utgjer 157,8 mill.kr og aukar med 2,6% i høve 2009 rekneskapen
Lønsutgiftene aukar med 7% 2010 vs. 2009.

Rammeområda generelt sett overforbruk – til dels mykje (men og nokre med innsparing)
(Sentrale) årsaker til netto driftsresultat på 10 mill.kr.,

- premieavvik/pensjon 2,5 mill.kr.
- tilskot kalkdoseraranlegg 2,4 mill.
- avkastning aksjefond 1,5 mill.kr.

- skatteinngang 1,6 mill.kr.

- konsesjonskraft, 1,6 mill.kr

- lågare rentekostnad

I forhold til prognose i mai for 2010, er det overføring frå drift til investering som er mindre enn forventa (og sjølve overskotet større enn forventa) – skuldast planlagt budsjettrevisjon i november som ikkje vart gjennomført.

Sum investeringar utgjer brutto 25,6 mill.kr., mot eit opphavleg budsjett på 13,2 mill.kr.

Finansiering av investeringsrekneskapen, 4.925.000 ved eksterne lån (3,9 mill.kr til investeringar og 1.025.000 utlån startlån)

4,7 mill.kr. overført frå driftsrekneskapen

Ca. 8,9 mill.kr. i bruk av fondsmidlar

Ca. 1,8 mill.kr. sal hus/tomt

Ca. 1,8 mill.kr. i statlege overføringar

Ca. 1 mill.kr. i andre inntekter, 500.000 BKK

2,6 mill kr. Udekka pr. 31.12.2010

Status pr. 31.12.2010

- 1) fleste tenester/rammeområde slit med å halde seg innafor budsjett
- 2) veldig sårbar i forhold til (nedgang) kraftinntekter
- 3) stort investeringsnivå – får driftskonsekvensar (balansegang, store investeringar – reduserer drift). År 2-4 i øk.plan ligg på eit normalnivå
- 4) brukar mykje av fondsmidlane/reservane
- 5) binder opp fondsmidlane, m.a. avsett i 2010 1 mill.kr. til brufond, kalkdoserfond med 2,5 mill.kr. etc.
- 6) fleste investeringsprosjekt går med overskriding
- 7) strammare likviditet

Utfordringar 2011

- nytt inntektssystem dårleg for Masfjorden, får ikkje kompensert for ”dyr” drift – 3.deling/avstandar
 - stadig nye driftstiltak (2010 og K-styret i dag), og lite fokus på finansiering
 - auka ressurskrevjande brukarar
 - auka låneopptak i 2011 utover handlingsregel reduserer handlingsrommet frå 2012 og 20 år fram.
 - Budsjett 2011 og budsjettsalderinga
-

Skriv og meldingar fortsett:

- **Budsjett 2011** – status etter møte med fylkesmannen.
Fylkesmannen si melding var at det var greitt. 2011 er eit unntaksår.
- **Garanti for lån til Einekavane AS.**
Har sendt inn saka med dokumentasjon. Har eit visst håp om at me kan få aksept for garantien.
Prosess på gang med departementet. Liknande sak i Sogn og Fjordane som er blitt godkjent.
- **Utleigebustader på Sandnes.** Kommunestyret på synfaring etter møtet i dag.
- **Status bustadfelt på Einestrånd**
Skriv og kart frå rådmannen vart delt ut i møtet.
Rådmannen orienterte om at me prøver å gå inn å hjelpe til slik at den fyrste familien kan flytta inn. Kommunen må forskottera vassforsyning fram til det første huset, og det vert eigen avtale på dette.
Kommunestyret slutta seg til framlegget frå rådmannen.
- **Snøraset i Stordalen**
Det vart delt ut eit kart/rapport frå området.
- **Sandnesplanen**
Synte til verdikartet som var drøfta i Fast utval for plansaker.
Fleire som ynskjer tomt på Sandnes.
- **Planarbeid Matre (områdeplan, detaljplanar)**
Til marsmøtet vil det bli lagt fram sak på dette.
Styret i BKK vil i slutten av mars få gjort vedtak om utbygging av kraftstasjonen.
- **Prosesen kring tilsetjing av ny rådmann**
Rådmann Lovisa Midtbø går av som rådmann hausten 2011.
Formannskapet har før kommunestyret starta i dag gått igjennom rekrutteringsprosessen for tilsetjing av ny rådmann.
Ny rådmann skal vera på plass innan 01.09.2011.
- **Vassverk Matre (kjem som sak til kommunestyret den 24. mars)**
- **Saker til handsaming våren 2011 i junimøtet (div. reglement)**
- **Kommunestrukturprosessen i Nordhordland.**
Kommunane som er med i denne prosessen må organisera denne sjølv. (ikkje regionrådet) Det vil då vera med ein person frå Masfjorden.
Kan koma eit forslag frå noverande kommunestyre til det nye kommunestyret om vegen vidare.
- **Biosfæreprosjektet (sjå www.nordhordland.net)**

- Helsesamarbeidet/samhandlingsreforma (sjå www.saman.no)

Kjell Løvik spurde om næringskonferansen som skal vera på Byrknes den 10. mars.

Røysting:

Skriv og meldingar vart tekne til orientering slik dei ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011	013/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/119
-----------	---------------------

Delegerte vedtak

DRÅD. 020/10: Skule- og barnehagerute 2011-2012

DELEGERT VEDTAK:

Den vedlagde skule- og barnehageruta for året 2011-2012 vert fastsett som forskrift.

Finansiering

Har ikkje budsjettkonsekvensar.

Heimel

Delegasjonsreglementet pkt. E.6

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-013/11 VEDTAK:

Saka går ut.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Saka går ut sidan vedlegget ikkje låg ikkje ved.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.02.2011		Lovisa Midtbø

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 11/66
--------------	--------------------

SAK - ORGANISERING AV LANDBRUKSTENESTENE I MASFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandlingar med Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse.
Endeleg avtale skal godkjennast av kommunestyret.

Finansiering

Innafor vedteke budsjett.

Heimel

KS-014/11 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandlingar med Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse.

Endeleg avtale skal godkjennast av kommunestyret.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.02.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at Masfjorden har hatt møte med både Lindås og Gulen om evt samarbeid på landbrukssida.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte frå møte som kommunen har hatt med landbruksorganisasjonane.
Konklusjonen etter møtet er at me søker Gulen kommune om samarbeid på landbrukssida.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, stilte spørsmål om kvifor skogeigarlaget ikkje var innkalla til dette møtet.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det var ei rein forgløyming at Skogeigarlaget ikkje var invitert til møtet.

Vigdis Søvik sette fram slikt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vil på nytt lysa ut stillinga som landbrukssjef i kommunen ut frå kommunestyret sitt vedtak om eige landbrukskontor.

Kjell Løvik, H, sa at me må innjå at det er heilt naturleg å få samarbeid med Gulen kommune for å få breidde i kompetansen.

Løvik vil rå frå at ein går vidare med utlysing etter landbrukssjef og å bruka meir tid på det.

Bjørn Egil Nordland, Ap, trur at eit samarbeid med Gulen kan bli varig og bra for Masfjorden kommune.

Liv Oda Dale, Ap, sa at Ap ynskjer framleis å ha eige landbrukskontor og trur at me kan få det ilag med Gulen. Det hastar med å få kompetanse på plass.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg og Sp sitt framlegg vart røysta mot kvarandre.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 15 mot to røyster (SP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	26.01.2011	Organisasjonane i landbruket	Landbrukstenester - samarbeid med Gulen kommune
2	U	14.02.2011	Organisasjonane i landbruket	Referat frå møtet om Landbrukstenester 08.februar.2011

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har sidan januar 2010 hatt vakant stilling som landbrukssjef. Stillinga som landbrukssjef i Masfjorden har vore utlyst, utan at det har lukkast å rekruttera landbrukssjef.

I kommunane rundt oss, er dei fleste no inne i eit samarbeid om landbruk. Austrheim, Radøy og Fedje har inngått samarbeidsavtale om felles landbrukskontor. Meland og Modalen likeeins. Rådmannen har hatt møte med både Lindås og Gulen kommunar om dei kan vera

opne for eit samarbeid med Masfjorden kommune om landbruksfagleg kompetanse. Begge kommunane er positive til å gå inn i eit samarbeid.

HØYRING/ UTTALE

Rådmannen kalla inn styra i organisasjonane i landbruket til fellesmøte for å drøfta framtidig organisering av landbrukstenestene i Masfjorden. Referat frå møtet ligg ved. Som det går fram av referatet, er bøndene opptekne av at vi har ei god landbruksteneste i Masfjorden. Dersom vi skal samarbeida med andre kommunar, tilrår dei Gulen kommune som samarbeidspart.

FAKTA

Masfjorden kommunestyre har tidlegare gjort vedtak om at kommunen skal ha eige landbrukskontor. Kommunen har dette i dag, med eit årsverk. Kommunen treng å styrkja den landbruksfaglege kompetansen, ikkje minst når det gjeld støtte og rettleiing til utviklingstiltak i landbruket.

Landbrukssjefen i Masfjorden har tidlegare hatt oppgåver inn på teknisk sitt område. Ut frå erfaringane med vanskar med å rekruttera god nok landbruksfagleg kompetanse, uttalar frå tidlegare landbrukssjef og utfordringa med å få kontinuitet i stillinga, har rådmannen sett på om det er mogleg å samarbeida med andre kommunar om Landbruksfagleg kompetanse/landbrukssjef.

VURDERING/KONKLUSJON

Masfjorden kommune har eige landbrukskontor med ein tilsett. Dette er ikkje ein berekraftig ordning. Masfjorden treng høgare landbruksfagleg kompetanse til forvaltnings- og utviklingsoppgåvene i landbruket. Men omfanget av desse oppgåvene forsvarar ikkje ein heil stillingsheimel, i tillegg til noverande bemanning. Det er også mogleg å styrkja det landbruksfaglege ved å frigjera det årsverket vi no har frå ein del merkantile oppgåver.

Landbruket er viktig for kommunen vår. Det ligg godt til rette for at Masfjorden kan vera tent med eit samarbeid med nabokommunar om landbruksfagleg kompetanse. Rådmannen meiner at vi bør omorganisera oppgåveløysinga på landbrukskontoret vårt for å få tenestene effektive og gje god service til næringa. Det er eit mål at kontoret skal bli meir robust.

Rådmannen tilrår å arbeida mot ei organisering med følgjande personell:

- Ein merkantil ressurs som kan ta sekretæroppgåvene på fagområdet, vera informert om landbrukskontoret sine oppgåver og kunna gje informasjon og hjelp til næringa når dei ringjer. Storleiken må avklarast.
- Ein sekretærfunksjon vil frigjera det årsverket vi har til faglege oppgåver og saker.
- Samarbeida med annan kommune om landbrukssjef..

Rådmannen meiner at ei slik løysing vil gjera landbrukskontoret meir robust og mindre personavhengig. Det vil og sikra ei god fagleg leiing av kontoret.

Rådmannen meiner at alt ligg til rette for eit konstruktivt samarbeid både med Lindås kommune og Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse. Det har vore drøftingsmøte med begge kommunane med positiv attendemelding.

Etter ei samla vurdering og i tråd med høyringa rådmannen hadde med bøndene, jfr referat, tilrår rådmannen at vi vender oss til Gulen kommune og arbeider fram ein avtale med dei om landbrukssjef.. Gulen kommune har ein person tilsett som har den kompetansen vi treng, og som gjennom eit samarbeid med Masfjorden kan konsentrera seg om det landbruksfaglege området i begge kommunane. Kommunen er alt i eit samarbeid med Gulen om veterinær, og bøndene i Masfjorden og Gulen er i samarbeid når det gjeld avløysarordning.

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå i forhandlingar med Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse.

Endeleg avtale skal godkjennast av kommunestyret.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 24.02.2011 vert
vitna:**

Håkon Matre
Ordfører

Dina Dyrhovden
kommunestyremedlem

Erlend Kvamsdal
kommunestyremedlem